Byggherren, eller ekstern revisor engasjert av byggherren, kan gjennomføre revisjon hos leverandøren og eventuelle underleverandører i perioden fra kontraktsinngåelse til slutfaktura er betalt for å undersøke om kontraktens krav blir oppfylt. Denne adgangen omfatter også kontrakter og dokumentasjon i underliggende ledd. Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal inneholde tilsvarende bestemmelser.

HVORFOR TRENGER VI POLITISKE VEDTAK?

Vi har klippet følgende fra DIFI's veileder for Anskaffelsesstrategi:

SAMMENHENG MELLOM ANSKAFFELESSTRATEGI OG ANDRE STYRINGSdokumenter

Anskaffelsesstrategi vil være koblingen mellom politiske forventninger og daglig innkjøp av varer og tjenester. Hvordan dette kan styres og følges opp på ulike nivå vises i figuren.



Den politiske ledelse tar stilling til hvilken innkjøpspolitikk – visjon og policy - virksomheten skal ha. En slik policy vil kunne være førende for alle anskaffelser og være viktig for å regulere forhold som ikke er hjemlet i lov og forskrift. Slike forhold omtales gjerne som strategiske innkjøpsinitiativ.

Eksempler er samarbeid på tvers internt og eksternt, samfunnsansvar, små og mellomstore bedrifter, hensyn til miljø, innovasjon m.m. Har virksomheten en klar policy vil prinsippdiskusjoner ikke være en del av enkeltanskaffelser. Velger en virksomhet å ha et mål på for eksempel økt samfunnsansvar i strategien, vil dette forplikte til å jobbe målrettet mot å øke samfunnsansvar i anskaffelsene. Hvis behovet for innkjøper er å unngå

prinsippdiskusjoner rundt samfunnsansvar i enkeltanskaffelser, kan det være riktigere å jobbe for å få på plass en anskaffelsespolicy.

Administrativ ledelse følger opp gjennom å etablere og forankre en anskaffelsesstrategi i organisasjonen. En anskaffelsesstrategi gjelder for alt anskaffelsesarbeid i virksomheten, ikke bare det som håndteres av en sentral innkjøpsfunksjon/-avdeling.

Arbeidet med implementering av anskaffelsesstrategien operasjonaliseres i handlings- og tiltaksplaner. I det daglige anskaffelsesarbeidet bruker organisasjonen anskaffelsesregelverket, håndbøker, retningslinjer og rutiner for gjennomføring av anskaffelser. For noen anskaffelser lages det kontraktstrategier, og for å ha et helhetlig perspektiv på et anskaffelsesområde etableres det gjerne en kategoristrategi for styring og oppfølging av en vare- eller tjenestekategori.

Hele veilederen finner du her:

http://www.anskaffelser.no/sites/anskaffelser/files/anskaffelsesstrategi_veileder.pdf

OM SAMARBEID MOT SVART ØKONOMI

Samarbeid mot svart økonomi (SMSØ) arbeider holdnings- og handlingsendrende mot svart økonomi.

SPLEISELAGET - UNGDOM

Ungdom trenger kunnskap om sammenhengen mellom verdiskaping, skatt og velferd, samt starthjelp om rettigheter og plikter i arbeidslivet.

Vi treffer 40 000 ungdommer årlig med undervisningsopplegget Spleiselaget i videregående skole. Vi tilbyr dataspillet Spleiselaget Byen for ungdomskole, spilt 46 000 ganger i 2015.

Vi tilbyr også regnskapsopplæring til alle ungdomsbedrifter i regi av Ungt entreprenørskap.

HANDLE HVITT – FORBRUKERE

Handle hvitt er en handlingskampanje, ikke en holdningskampanje! Vi skal gjøre det enkelt for forbrukere å handle hvitt.

I perioden 2011-2014 arbeidet vi bl.a med firmasjekken og en enkel måte å gjøre arbeid i hjemmet hvitt på, via nettstedet www.handlehvitt.no og aktiviteter i hele landet.

Vi planlegger å komme med en ny utgave av Handle hvitt-kampanjen i 2016.

NÆRINGSLIV – MOT ARBEIDSLIVSKRIMINALITET

Partene i arbeids- og næringsliv er viktige medspillere for kontrolletatene. Kontrolletatene får innspill om hvordan de kriminelle opererer, utviklingstendenser og konkrete tips om kriminelle miljøer og enkeltsaker.

Vi har under arbeid en tipsrutine der partene i arbeidslivet løpende kan tipse kontrolletatene om arbeidslivskriminalitet.

INNkjøP – BESTE PRAKSIS

SMSØ tar mål av seg til å påvirke innkjøpere i privat og offentlig sektor til å ta i bruk retningslinjer, rutiner og verktøy som holder kriminelle ute fra kontraktskjedene i bransjer som bygg og renhold.

DEBATT

SMSØ har gjennom mange år fulgt utviklingen av svart økonomi gjennom befolkningsundersøkelser. I tillegg til kunnskap om temaet, bidrar undersøkelsene til å sette agenda for samfunnsdebatten.

Befolkningsundersøkelser utføres også for å avdekke hvilke tiltak befolkningen mener vil være nyttig i den videre kampen mot svart økonomi.

Vi arrangerer debatter f.eks på Arendalsuka og andre konferanser nasjonalt og lokalt. Lokalt deltar SMSØ i samfunnsdebatten gjennom kronikker, leserinnlegg mv.



SAMARBEID MOT SVART ØKONOMI

10



Saksframlegg

Utv.saksnr.:	Utval:	Møtedato:
15/18	Livsløpsutvalet	05.04.2018
25/18	Formannskapet	09.04.2018
20/18	Kommunestyret	17.04.2018

Tilstandsrapport for grunnskolen i Aukra 2017

Rådmannen si tilråding:

Aukra kommunestyre tek tilstandsrapporten til vitande.
Administrasjonen arbeider med å utvikle nye mål for læringsresultat til neste tilstandsrapport.

Saksprotokoll i Livsløpsutvalet - 05.04.2018

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt

Uttale frå livsløpsutvalet

Som tilrådinga frå rådmannen

Saksprotokoll i Formannskapet - 09.04.2018

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt

Innstilling frå formannskapet:

Som tilrådinga frå rådmannen

Saksprotokoll i Kommunestyret - 17.04.2018

Behandling

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Aukra kommunestyre tek tilstandsrapporten til vitande.
Administrasjonen arbeider med å utvikle nye mål for læringsresultat til neste tilstandsrapport.

Vedlegg

- 1 Tilstandsrapport for grunnskolen i Aukra 2017

Særutskrift:

Barnehagane i Aukra
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Utdanningsavdelinga
Kontrollutvalet i Aukra
Skolane i Aukra inkludert råd og utval
Utdanningsforbundet i Aukra

Bakgrunn:

Opplæringslova § 13-10

Ansvarsomfang:

Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.

Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatata frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-1 fjerde ledd. Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigar dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane.

Krav til innhald i tilstandsrapporten

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men skoleeigaren kan omtale andre resultat og bruke andre data ut frå lokale behov.

Den årlege tilstandsrapporten har desse obligatoriske emna:

Læringsresultat: Nasjonale prøver, eksamen og grunnskolepoeng

Læringsmiljø: Elevundersøkinga

Fråfall: Prosentvis overgang frå grunnskole til vidaregåande

I tillegg kan rapporten omfatte fleire emne, om det er ønskeleg. Mellom anna kan vi hente ut ein del statistikk frå GSI (*Grunnskolen informasjonssystem*). I det høvet henvendte administrasjonen seg til Livsløpsutvalet for innspel.

Innspel frå politikarane våre gjer at administrasjonen kan leggje fram ein tilstandsrapport som tek for seg tema politikarane er spesielt opptekne av. Innspel og dialog kring rapporten utviklar også kunnskapen og forståinga kring grunnskolen vår, både for og mellom, administrasjonen og politikarane. God dialog er med på å vareta foreldra og elevane sine interessar og behov.

Saka vart lagt fram 25. januar for Livsløpsutvalet, med påfølgjande arbeidsmøte i utvalet den 1. mars.

Vedtak i livsløpsutvalet 1. mars, sak 10/18:

Administrasjonen har ønskjer innspel frå Livsløpsutvalet på innhaldet i den årlege tilstandsrapporten som skal til Aukra kommunestyre. Innspel frå Livsløpsutvalet vert teke med og belyst i tilstandsrapporten.

Ta med kompetansekrav og ståstad i Aukra, jfr. GSI tal
Under punkt 3.1 Elevundersøkinga. Fokus på mål å auke elevdemokrati og medverknad
Livsløpsutvalet ønskjer ein oversikt over progresjon av læringsresultat over tid. Sjå på måla for nasjonale prøver

Utgreiing:

Vedlagte tilstandsrapport tek for seg:

- kompetansekrav og ståstad i Aukra, jfr. GSI tal
- Under punkt 3.1 Elevundersøkinga. Fokus på mål å auke elevdemokrati og medverknad

I K-sak 12/18 *Lærarnorm frå august 2018 – Kva betyr det for Aukraskolen?*, vart det lagt fram GSI-tal frå inneverande skoleår som viser at Aukraskolen er innafor det nye kravet om lærarnorm. I tilstandsrapporten kjem det likevel fram at ikkje alle elevar har tilgang på undervisning av lærarar som innehar forventa kompetanse. Her har kommunen eit krav om å innfri innan 2025. Det er lagt gode føresetnader til grunn for at vi skal kome i mål, gjennom tilbod om vidareutdanning lokalisert i Molderegionen – eit samarbeid mellom Kunnskapsnett Romsdal og NTNU.

Når det gjeld *elevdemokrati og medverknad* er Aukra sine elevar om lag like nøgde som elevane elles i landet. Begge skolar vil framover arbeide med spesielt å halde trykk på desse områda, serleg i lys av fag og kompetansar i nye læreplaner.

Når det gjeld spørsmål om *progresjon av læringsresultat over tid / måla for nasjonale prøver* er dét også i høgste grad eit godt spørsmål, men kanskje ikkje så opp i dagen enkelt å svare på.

For læringsresultat målt ved nasjonale prøver har Aukra i mange år hatt følgjande lokale målsettingar:

1. Del av elevar som presterer på lågaste nivå i Aukra skal vere lågare enn dei som presterer på lågaste nivå nasjonalt.
2. Del av elevar som presterer på høgaste nivå i Aukra skal vere høgare enn dei som presterer på høgaste nivå nasjonalt.

Dette er mål som for ein del år sia vart føreslått av Livsløpsutvalet. Målsettingane var også anbefalt i sentrale styringsdokument den gang.

Administrasjonen ser det som greit å ta vekk desse som mål, og heller sjå på informasjonen som ei samanlikning med det nasjonale nivået.

Det kan sjå ut til at fleire kommunar ikkje har konkrete og målbare målsettingar for læringsresultat knytt opp mot nasjonalt snitt på nasjonale prøver. Vi har sett på tilstandsrapportar frå større kommunar som Molde og Bærum. (Vi har også sett på ein rekke andre tilstandsrapportar i Romsdalskommunane.)

I *Kvalitetsmelding for grunnskolen i Molde kommune 2016/2017*, s 24:

Rasultater frå nasjonale prøver i regning og engelsk kan fra høsten 2015 brukes som grunnlag for å måle utvikling over tid. Det betyr at vi på sikt kan se om resultatene blir bedre. Foreløpig er det bare mulig å sammenligne resultatene i år med de fra i fjor. Først etter noen år er det mulig å se eventuelle trender.

Dette skulle bety at vi kan måle progresjon i rekning og engelsk frå neste tilstandsrapport. Då vil elevar som i 2015 gjekk i 5. klasse bli målt på progresjon for resultatata når dei går i 8. klasse hausten 2018. (Forøvrig viktig å peike på at det ikkje berre er elevane som har ansvaret for resultatata, men i høgste grad lærarane som har ansvaret for undervisninga). Per i dag kan vi altså berre måle det eine elevkullet opp mot det andre. I ein liten kommune som Aukra vil i grunnen det ikkje fortelje oss så mykje – då svingningane kan vere altfor store år om anna.

I Bærum kommune sin tilstandsrapport for 2015 kan vi sjå interessante refleksjonar kring spørsmålet - *Øker elevenes læring?: Det aller mest hensiktsmessige for å finne ut hvilket læringsbidrag den enkelte skole har gitt til elevene, er derfor å sammenligne skolene med seg selv, og undersøke hvilket læringsbidrag de gir til hvert enkelt elevkull.* (S. 48)

Per dato har vi ikkje formulert nye mål for læringsresultat målt ved nasjonale prøver, men vi vil arbeide med det til neste tilstandsrapport. Fokus vil truleg bli på den enkelt skole sitt læringsbidrag.

(Bærum kommune sin tilstandsrapport for 2015, er brukt som referanse då Aukra kommune mottok rapporten etter møte i Livsløpsutvalet i januar. Det vil alltid vere aktuelt å samanlikne med arbeid i store kommunar.)

Administrative konsekvensar:

Administrasjonen vil fortsette arbeidet med gode målfomuleringar for læringsresultat. Det vil vere ønskeleg med arbeidsmøte med livsløpsutvalet også neste år.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen utover vedteken ramme.

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Marianne Bolghaug
Pedagogisk rådgjevar

Rett utskrift 18.04.18

Anita Raknes Otterlei
Formannskapssekr.



Aukra kommune

Aukra – full av energi

TILSTANDSRAPPORT FOR GRUNNSKOLEN I AUKRA 2017

E-phorte: xx/...

Vedteke: xx.xx.18, K-sak xx/18

Innhald

1.0 Innleiing	s. 3
1.1 Skolane i Aukra 2017-2018	s. 4
2.0 Elevar og undervisningspersonale	s. 5
2.1 Lærartettleik	s. 6
2.2 Kompetanse i Aukraskolen	s. 7
3.0 Læringsmiljø	s. 9
3.1 Elevundersøkinga	s. 9
3.2 Tal på elevar som opplever mobbing	s. 14
3.3 Elevdemokrati og medverknad	s. 15
4.0 Faglege resultat	s. 16
4.1 Nasjonale prøver 5. trinn	s. 16
4.2 Nasjonale prøver 8. trinn	s. 20
4.3 Nasjonale prøver 9. trinn	s. 24
4.4 Karakterar – matematikk, norsk og engelsk 10. trinn	s. 25
4.5 Grunnskolepoeng 10. trinn	s. 29
5.0 Gjennomføring	s. 30
5.1 Overgang frå grunnskole til VGO	s. 30
6.0 Oppsummering	s. 32
6.1 Elevar og undervisningspersonale	s. 32
6.2 Læringsmiljø 2016-2017	s. 32
6.3 Faglege resultat 2016-2017	s. 33
6.5 Gjennomføring	s. 33

1.0 Innleiing

Lovkravet

Det er fastsett i opplæringslova at skoleeigarar pliktar å utarbeide rapport om tilstanden i opplæringa. I St.meld. nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Rapporten skal drøftast av skoleeigaren, dvs. av kommunestyret, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd.

Krav til innhald i tilstandsrapporten

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men skoleeigaren kan omtale andre resultat og bruke andre data ut frå lokale behov. Når det gjerast vurderingar av tilstanden, er det viktig å synleggjere kva for målsetjingar hos skoleeigaren og skolane som danner grunnlag for vurderinga.

Tidleg innsats er vesentleg for å betre elevane sine ferdigheiter og den faglege utviklinga. Kartlegging av elevane sitt ferdigheitsnivå må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er her sentral.

Det generelle systemkravet

Tilstandsrapporten inngår i kvalitetsvurderingssystemet. Kvalitetsvurdering er å samanstill informasjon og data som grunnlag for å drøfte kvaliteten på opplæringa internt på skolen eller i kommunen, og for å drøfte kvaliteten i større delar av eller i heile utdanningssektoren. Målet er kvalitetsutvikling og læring. Kvalitetsvurderinga er ein prosess der dialogen om kva som er god kvalitet, står sentralt. Det er naturleg at det blir stilt spørsmål ved samanhengen mellom kvaliteten på opplæringa ved den enkelte skolen og mellom skolane og resultatata i dialogen med skoleeigaren.

Skoleeigarane si plikt til å utarbeide rapportar om tilstanden i grunnopplæringa er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd.

Personvern Tal som blir lasta direkte inn frå Skoleporten, kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan være teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova § 13 og/eller personopplysningar etter personopplysningslova § 2 nr. 1. Tilsvarende kan også gjelde for lokale indikatorar. Desse opplysningane må behandlast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.


Kommunale tal er eit snitt av kommunen sitt resultat. Resultata på den enkelte skole kan vere høgst ulike. Resultat for den enkelte skole kan alle finne i Skoleporten, www.skoleporten.no.

1.1 Skolane i Aukra 2017-2018

Det er to 1-10 skolar i Aukra kommune.



Gossen- barne og ungdomsskole



Utbygging ved Julsundet skole

	Gossen barne- og ungdomsskole	Julsundet skole	
Elevtal	318	217	535
Barn i SFO	45	41	86
Årsverk til administrative og pedagogiske leiingsoppgåver	280	160	440

Råd og utval

Skolane pliktar å involvere råd og utval i aktuelle saker, mellom anna viktige saker som gjeld elevane sitt læringsmiljø.

Skolane har klasseråd, elevråd, foreldreråd, FAU, samarbeidsutval og skolemiljøutval.

Vaksenopplæring

Vaksenopplæring på grunnskolen sitt område vert gitt ved Molde vaksenopplæringscenter og Gossen barne- og ungdomsskole.

Interkommunalt samarbeid

Det er godt interkommunalt samarbeid når det gjeld kommunen si grunnskoledrift:

- PPT Aukra, Midsund, Molde
Kommune kjøper PPT-tenester frå Molde kommune.
- Kunnskapsnett Romsdal
Skole- og barnehagefaglege ansvarleg i alle ROR-kommunar samarbeider om god kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling i skolane i Romsdal. Pedagogisk rådgjevar representerer Aukra kommune i nettverket.

2.0 Elevar og undervisningspersonale

Talet på elevar

Indikatoren opplyser om talet på elevar som er registrerte ved grunnskolar per 1. oktober det aktuelle skoleåret. Indikatoren omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskoleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein grunnskole. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskoleopplæring.



Stasjonsundervisning, forme bokstavar og skrive bokstavar

Årsverk for undervisningspersonale

Indikatoren viser summen av årsverk for undervisningspersonalet. Summen inkluderer berekna årsverk til undervisning og berekna årsverk til anna enn undervisning. Årsverka er berekna ved å dividere årstimar på årsramma. Det er brukt 741 timar på barnesteget og 656 timar på ungdomsteget. I denne indikatoren høyrer følgjande delskår med: Årsverk til undervisning.

Del av årstimar gitt av personale med godkjend utdanning

Indikatoren viser kor stor del av årstimane som er gjennomførte av undervisningspersonale med godkjend utdanning i dei fag og trinn dei underviser i.

Indikator og nøkkeltall	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16	2017-18
Talet på elevar	513	529	533	542	535
Årsverk for undervisningspersonale	59,7	59,0	55,2	55,9	56,1
Andel årstimar til undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	96,5	93,0	90,6	89,6	89,1

Aukra kommune skoleeier, Grunnskole, Antall elevar og lærerårsverk, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Vurdering

Talet på elevar

Elevtalet i Aukraskolen er auka med 22 elevar dei siste fem åra. Mellom anna kom det 15 elevar som er flyktningar til Gossen skoleåret 2015-2016.

Årsverk for undervisningspersonale

3,6 færre lærerårsverk over ein 5-årsperiode. Det har vore ei rasjonalisering av drifta ved at elevtalet i undervisningsgruppene har auka. I tillegg har skolane denne perioden hatt ei timetalsutviding.

Del av årstimar gitt av personale med godkjend utdanning

Tala syner at 89 % av undervisninga vert gitt av lærar med godkjend utdanning.

2.1 Lærartettleik

Tabellen på neste side synar lærartettleiken i alle undervisningstimane (inkludert spesialundervisning) og lærartettleik i ordinær undervisning (utanom spesialundervisning). Tabellen syner med søyler tala over fleire år. Det er også teke med oversikt frå kommunegruppe 16, fylke og nasjonen.

→ Lærartettleik 1.-7. steget og 8.-10. steget

Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 1.- 7. steget ned på skolenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.

→ Lærartettleik i ordinær undervisning

Lærartettleik i ordinær undervisning er ein indikasjon på tal på elevar per lærar i ordinær undervisning, der ressursar til spesialundervisning og undervisning i særskild språkopplæring ikkje vert medrekna. I andre samanhengar vert dette målet kalla gruppestorleik 2. Mål på lærartettleik er hefta med usikkerheit. Dette kjem av at nokre kommunar fører lærarressursar på kommunen sentralt, mens andre kommunar fører dei på skolen i GSI. Dette kan til dømes vere timar til spesialundervisning eller til særskild norskopplæring.

Lokalt mål

Det skal vere 12-15 elevar per kontaktlærar.

Indikator og nøkkeltal 2017-2018	Aukra kommune	Nasjonalt
Lærartettleik 1.-7. trinn	11,0	12,9
Lærartettleik 8.-10.trinn	13,0	14,2
Lærartettleik i ordinær undervisning	14,9	16,6
Andel elevar per assistentårsverk i undervisninga	51,1	67,4
Tal på assistentårsverk per hundre lærarårsverk	18,6	15,8

(Skoleporten.no)

Vurdering

- Kommunen har eit mål om at det skal vere 12-15 elevar per kontaktlærer. Skolane melder om at det om lag er 15 elevar eller færre i snitt per kontaktlærer.
- Lærartettleiken er høgare i Aukra enn for landet elles. I tråd med tidleg innsats er lærartettleiken høgast på barnesteget.
- Høgare bruk av assistentar i Aukra enn landet elles.

2.2 Kompetanse i Aukraskolen

I 2015 vedtok Stortinget endring av opplæringslova § 10.2 med verknad frå august same år. For å undervise i faga norsk, matematikk og engelsk på barnesteget må læraren ha 30 studiepoeng, som er relevant for det aktuelle fag. På ungdomssteget er tilsvarende krav 60 studiepoeng.

Kunnskapsnett Romsdal har inngått ein intensjonsavtale med NTNU om regionale vidareutdanningstilbod.

Jf. GSI-tal har vi følgjande oversikt over lærarkompetansen i Aukra kommune:

	1.-7. årssteg			8.-10. årssteg			
	Minst 30 studiepoeng i faget	0-29 studiepoeng i faget	Sum lærarar som underviser i faget, 1.-7.årssteg	Minst 60 studiepoeng i faget	30-59 studiepoeng i faget	0-29 studiepoeng i faget	Sum lærarar som underviser i faget, 8.-10.årssteg
Norsk	24	2	26	4	2		6
Matematikk	19	2	21	5	1	1	7
Engelsk	9	4	13	5	1		6

Tabellen syner at:

- 24 av 26 lærarar fyller kompetansekravet i **norsk** på 1.-7. årssteg
- 4 av 6 lærarar fyller kompetansekravet i **norsk** på 8.-10. årssteg
- 19 av 21 lærarar fyller kompetansekravet i **matematikk** på 1.-7. årssteg
- 5 av 7 lærarar fyller kompetansekravet i **matematikk** på 8.-10. årssteg
- 9 av 13 lærarar fyller kompetansekravet i **engelsk** på 1.-7. årssteg
- 5 av 6 lærarar fyller kompetansekravet i **engelsk** på 8.-10. årssteg

Vi ser at Aukra kommune har en viss utfordring med å skaffe nok kvalifiserte lærarar fram til kravet om kompetanse er endeleg i 2025.

Det er stadig mange fra kommunen som tek vidareutdanning. Frå hausten 2018 vil 2 ta rektorutdanning, 3 vil ta vidareutdanning i norsk, 1 vil ta vidareutdanning i matematikk, og 1 tek PPU for å verte sertifisert lærar. 7 av 7 lærarar får ønske om vidareutdanning innfridd.

Ingen lærarar frå Aukra har så langt nytta regionale tilbod gjennom Kunnskapsnett Romsdal og NTNU i Molde/Vestnes. Alle aktuelle vert oppfordra til primært å nytte det regionale tilbodet.

Noko rekruttering av kvalifiserte lærarar vil likevel kunne skje gjennom nye tilsettingar.

3.0 Læringsmiljø

Alle elevar har rett til eit godt og inkluderande læringsmiljø. Det fremjar helse, trivsel og læring. Eit godt læringsmiljø er ein føresetnad for elevane si faglege og sosiale utvikling.

Når ein jobbar med læringsmiljøet varetek ein óg den generelle delen av læreplanen. Arbeid med læringsmiljø og arbeid med fag heng saman.

3.1 Elevundersøkinga

Læringsmiljø

Alle elevar i grunnskolen og vidaregåande skole har rett til eit godt fysisk og psykososialt læringsmiljø som fremjar helse, trivsel og læring. jf kap. 9a i opplæringslova. Resultat på elevundersøkinga vert presentert i skoleporten.

Elevundersøkinga

Skoleporten presenterer data om læringsmiljø henta frå Elevundersøkinga som vert gjennomført om hausten.

Elevundersøkinga kartlegg dei mest sentrale forholda ved elevane sitt læringsmiljø slik dette er avklart i nyare forskning. Elevane svarar på spørsmål om korleis dei trivst på skolen, korleis forholdet er til lærarar og medelevar, korleis dei opplever vurdering for læring, med meir.

Elevundersøkinga blei revidert før gjennomføringa hausten 2013. Resultata fra 2007-2012 kan difor ikkje samanliknas med resultata frå skoleåret 2013-2014 og seinare.


Spørsmåla om mobbing blei revidert i 2016, og resultata på spørsmålet om mobbing fra 2013, 2014 og 2015 kan difor ikkje utan vidare samanliknas med resultata frå skoleåret 2016 og framover. Før skoleåret 2016-17 het indikatorane *Mobbing i skolen* og *Andel elevar som har opplevd mobbing 2-3 ganger i måneden eller oftere*.

Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat. Unntaka er mobbing på skolen der låg verdi er positivt og del av elevar som er i prosent.


Lokale mål

Elevane melder i hovudsak om at dei opplever læringsmiljøet betre enn landssnittet.

Ingen elevar skal verte mobba!



Tabellan over viser elevar på 7. årssetg si oppfatning av læringsmiljøet. I sum melder elevane om at dei opplever miljøet slik som elevane elles i landet, og ligg også litt over. Elevane er spesielt nøgd med læringskulturen og elevdemokratiet.



Tabellan over viser elevar på 10. årssteg si oppfatning av læringsmiljøet. I sum melder elevane om at dei opplever miljøet ein del betre enn elevane elles i landet. Elevane er spesielt nøgd med læringskultur, mestring og vurdering for læring. De er også rimelig godt fornøyd med elevdemokratiet.

Når vi går djupare inn i talmaterialet ser vi at tala viser forskjellar mellom skolane, frå 0,3 – 0,6, på fleire av indikatorane. Eit gjennomsnitt for kommunen kan derfor bety ulike bilete for den enkelt skole.

Vurdering

Tala i skoleporten.no syner at elevane generelt sett på 7. og 10. årssteg opplever høg grad av trivsel på skolen.

Kommunen har eit overordna system for å følgje opp elevane sitt læringsmiljø, Systemet er lagt ut på kommunen si heimeside. Det er svært viktig at tilsette på skolane, føresette og elevar er gjort kjent med innhaldet i dokumentet.

Om nokon utanfor skolen, til dømes politikarar, høyrer om mobbing/utfordringar i læringsmiljøet er det viktig kople ei mogleg sak direkte til **rektor** ved aktuell skole.

Når/om mobbing oppstår, må det vere eit mål at saker vert løyst så fort som mogleg. I prinsippet er dette ordføraren og kommunestyret sitt ansvar.

Opplever foreldre/elevar at skolen ikkje tek godt nok tak i ei mobbesak, kan dei klage direkte til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

7. årssteg

Av 10 indikatorar når vi det kommunale målet for 5 av indikatorane.

10. årssteg

Av 11 indikatorar når vi det kommunale målet for 7 av indikatorane.

3.2 Tal på elevar som har opplevd mobbing 2-3 gonger i måneden eller oftare (prosent)

Prosentdelen Mobbing på skolen viser den prosentdelen elevar som opplever å bli mobba 2 eller 3 gonger i måneden eller oftare. Prosentdelen elevar som opplever mobbing på skolen, er summen av den prosentdelen elevar som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 gonger i måneden», «Omtrent 1 gong i veka» og «Fleire gonger i veka». Prosentdelen Mobba på skolen seier med andre ord ingen ting om kor ofte elevane opplever å bli mobba.


Lokale mål

Ingen elevar skal verte mobba!

7. trinn

Aukra kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Illustrasjonen er henta frå Skoleparten




Aukra kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2017-2018, Trinn 7, Begge kjønn

Når det gjeld del av elevar som vert mobba på 7. årssteg, har vi ikkje tal for kommunen. Går vi nærare inn i tala for kvar skole finn vi at andelen er 0,0 på Gossen barne- og ungdomsskole, og at tala er unnateke offentlegheit for Julsundet skole.

10. trinn

Aukra kommune skoleeier | Samanlikna geografisk



Aukra kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2017-2018, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten.

Nesten 9 % av elevane på 10. årssteg melder om mobbing. Vi har ikkje sett i kva grad dette gjeld for Julsundet eller Gossen, eller begge stader. Det er av avgjerande betydning at den enkelte skole følgjer opp desse resultatane, og nyttar anerkjent metodikk. Til dømes spørjeskjemaet *respekt* og *stopp-samtalar*.

Vurdering

7. årssteg

Det er ikkje rapportert om mobbing. Ser ut som målet er nådd. Begge skolar bør likevel sjekke ut om annen kunnskap støtter opp om desse resultatane.

10. årssteg

Elevar melder om mobbing

3.3 Elevdemokrati og medverknad

Indikatoren elevdemokrati og medverknad inneheld følgjande spørsmål til elevane i elevundersøkinga:

- Er dere elever med på å foreslå hvordan dere skal arbeide med fagene?
- Legger lærerne til rette for at dere elever kan delta i elevrådsarbeid og annet arbeid som tillitsvalgt?
- Hører skolen på elevenes forslag?
- Er dere elever med på å lage regler for hvordan dere skal ha det i klassen/gruppa?

Elevar på 7. årssteg melder om elevdemokrati og medverknad på line med landet elles. Elevar på 10. årssteg melder om noko meir oppleving av demokrati og elevmedverknad enn landet elles.

Å utvikle elevane sine holdningar og handlingar knytt til personleg og sosial ansvarligheit er ein del av samhandling og deltaking. Det handlar om å sjå det som verdifullt at ein sjølv bidreg til fellesskapet, og kunne vise respekt og omsorg for medelevar.

Eit viktig aspekt ved kompetanse i samhandling og deltaking er demokratisk kompetanse. Demokratisk kompetanse handlar om å kunne leve saman og handtere utfordringar i fellesskap. Felles utfordringar som klimaendringane og og konfliktnivået i verden i dag viser behovet for sosialt ansvar og samarbeid om felles løysingar i global skala.

Skolane vil framover arbeide ekstra for å sikre elevdemokrati og medverknad.

4.0 Faglege resultat

Faglege resultat som er omtalt i denne rapporten er:

- resultat i lesing, rekning og engelsk, 5. og 8. trinn (nasjonale prøver)
- Karakterar i norsk, matematikk og engelsk, 10. trinn
- Grunnskolepoeng, 10. trinn

4.1 Nasjonale prøver 5. steget

Lesing

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt. Elevane skal vise at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Rekning

Nasjonale prøver i rekning skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at elevane forstår korleis dei:

- kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara er rimelege
- kan ha effektive strategiar for enkel talrekning

Engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene (på 5. steget) er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- forstå vanlege ord og uttrykk knytta til daglegliv og fritid
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster


Lokale mål

1. Del av elevar som presterer på lågaste nivå i Aukra skal vere lågare enn dei som presterer på lågaste nivå nasjonalt.
2. Del av elevar som presterer på høgaste nivå i Aukra skal vere høgare enn dei som presterer på høgaste nivå nasjonalt.

Dette inneber 6 mål totalt, 2 * (rekning + lesing + engelsk)

Tabellane under syner resultatane på prøvene for elevane i Aukra, kommunegruppe 16, Møre og Romsdal fylke og nasjonalt.


5. trinn - lesing



Aukra kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Lesing, Offentlig, 2017-2018, Trinn 5, Begge kjønn


Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

5. trinn - rekning



Aukra kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Regning, Offentlig, 2017-2018, Trinn 5, Begge kjønn

5. trinn - engelsk



Aukra kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Engelsk, Offentlig, 2017-2018, Trinn 5, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

5. årssteg

Lesing: Begge mål nådd

Rekning: Begge mål nådd

Engelsk: Mål om færre elevar på lågaste mestringsnivå er nådd.

SUM: 5 av 6 mål nådd.

Utdanningsdirektoratet har utvikla eit analyseverktøy for at lærarane skal kunne analysere og følgje opp resultatata på elev- og gruppenivå. I samband med ungdomstrinnsatsinga vart det innført bruk av dette verktøyet på alle trinn kor det er nasjonale prøver, 5., 8. og 9. trinn.

4.2 Nasjonale prøver 8. trinn

Lesing

Nasjonale prøver i lesing skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med måla for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i lesing ikkje er ei prøve i norskfaget.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt ved lesing. Elevane viser at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Rekning

Nasjonale prøver i rekning kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med måla for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at dei:

- forstå og kan reflektere over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring

- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara dei får er rimelege
- kan vise effektive strategiar for enkel talrekning

Engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene for ungdomssteget er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå og reflektere over innhaldet i tekstar av ulik lengd og forskjellige sjangrar
- rå over eit ordforråd som dekkjer daglegdagse situasjonar
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- forstå bruken av grunnleggjande reglar og mønster for grammatikk og setningstypar

Diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheita knytt til dette gjennomsnittet. Søylen viser intervallet på skalaen der hovuddelen (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreinga av resultatata til elevane. På 5. og 8. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.


Lokale mål

1. Del av elevar som presterer på lågaste nivå i Aukra skal vere lågare enn dei som presterer på lågaste nivå nasjonalt.
2. Del av elevar som presterer på høgaste nivå i Aukra skal vere høgare enn dei som presterer på høgaste nivå nasjonalt.

Dette inneber 6 mål totalt, 2 * (rekning + lesing + engelsk)

Tabellane på neste side syner resultatata på prøvene for elevane i Aukra, kommunegruppe 16, Møre og Romsdal fylke og nasjonalt.


8. trinn – lesing



Aukra kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer og Offentlig, 2017-2018, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

8. trinn – rekning




Aukra kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer og Offentlig, 2017-2018, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

8. trinn – engelsk

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten



Aukra kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer og Offentlig, 2017-2018, Trinn 8, Begge kjønn

Vurdering

Ungdomssteg – 8. årssteg

Lesing: Mål om færre elevar på lågaste mestringsnivå er nådd.

Rekning: Ingen mål er nådd.


Engelsk: Mål om flest elevar på høgaste mestringsnivå er nådd.

SUM: 2 av 6 mål nådd.

Utdanningsdirektoratet sitt analyseverktøy vert brukt framover slik at lærarane best mogleg kan leggje til rette for undervisninga på individ- og gruppenivå.


4.3 Nasjonale prøver 9. trinn

Lesing



Aukra kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, 2017-2018, Trinn 9, Begge kjønn

Rekning



Aukra kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, 2017-2018, Trinn 9, Begge kjønn

Vurdering

Ungdomssteg – 9. årssteg

Lesing: 2 mål nådd.

Rekning: Mål om færre elever på lågaste mestringsnivå er nådd. Her er det ingen elever

SUM: 3 av 4 mål nådd.

Utdanningsdirektoratet sitt analyseverktøy vert brukt framover slik at lærarane best mogleg kan leggje til rette for undervisninga på individ- og gruppenivå.

4.3 Karakterar - matematikk, norsk og engelsk

Standpunktkarakterar og karakterar frå eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring utgjer sluttvurderinga. Denne vurderinga gir informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget. Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Graderinga beskriv at karakteren:

- 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget
- 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget
- 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget
- 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget
- 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget
- 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget


Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane er viste som gjennomsnitt.

Lokale mål

Matemtikk: heve eksamenskarakterane i faget

Eit eventuelt avvik mellom eksamenskarakter og standpunktkarakter skal vere på line med eit evt. nasjonalt avvik.

10. trinn



Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten

Matematikk	2012/2013	2013/2014	2014/2015	2015/2016	2016/2017
Aukra Eksamen		3,3			3,0
Nasjonalt eksamen		3,0			3,4
Aukra Standpunkt		4,1 +0,8			3,7 +0,7
Nasjonalt standpunkt		3,5 +0,5			3,6 +0,2

Norsk	2012/2013	2013/2014	2014/2015	2015/2016	
Aukra Eksamen	3,5			3,3	
Nasjonalt eksamen	3,4			3,5	
Aukra Standpunkt	3,9 +0,4			3,6 +0,3	
Nasjonalt standpunkt	3,8 +0,4			3,8 +0,3	

Avviket mellom eksamenskarakterar og standpunktkarakterar det same i Aukra og nasjonalt.

Engelsk	2012/2013	2013/2014	2014/2015	2015/2016	2016/2017
Aukra Eksamen	3,2		3,6		
Nasjonalt eksamen	3,8		3,7		
Aukra Standpunkt	4,4 +1,2		4,1 +0,5		
Nasjonalt standpunkt	3,9 +0,1		3,9 +0,2		

Vurdering

Karakterar i matematikk:

Frå skoleårene 2012/2013 til og med skoleåret 2016/2017 har det vore to skriftlege eksamensprøver:

2016/2017: karakter 3,0 (standpunkt karakter 3,7)

2013/2014: karakter 3,3 (standpunkt karakter 4,1)

På nasjonalt plan var karakterane 3,0 og 3,4. Snittkarakterane for standpunkt var 3,55.

Det er stort avvik mellom eksamenskarakterar og standpunktkarakterar i matematikk. Avviket er ein halv karakter høgare enn det gjennomsnittlege avviket som gjeld for elevar i heile landet.

Vurderingspraksis:

Diagram og tabell over syner eksamenskarakterane og standpunktkarakterane i kjernefaga, matematikk, norsk og engelsk. Det er berre teke standpunktkarakterar for dei åra det har vore eksamen i faga. Farga tal er avvik mellom karakter på eksamen og standpunktkarakter.

Elevane i Noreg får i snitt betre karakterar på standpunkt enn til eksamen i alle eksamensfaga. Avviket er stort sett større for elevar i Aukra enn for elevane i landet elles. Spesielt stort er gapet i matematikk.

Når elever i fylket skal konkurrere om plassar i vidaregåande skole kan det sjå til at elevar frå Aukra til

ein viss grad kan få eit ufortent fortrinn.

Det er viktig at skoleleiing og lærarar arbeider med vurderingspraksis, slik at lærarar best mogleg sikrar at elevar får karakterar som speglar elevane sitt kompetansenivå.

Det er stort avvik mellom eksamenskarakterar og standpunktkarakterar i Aukra. Aukraelevar presterte lågare på eksamen enn snitteleven nasjonalt, samstundes har dei høgare standpunktkarakterar enn snitteleven nasjonalt.

Når elever i fylket skal konkurrere om plassar i vidaregåande skole kan det sjå til at elevar frå Aukra til ein viss grad kan få eit ufortent fortrinn.

Skoleleiing og lærarar må sjå nærare på vurderingspraksisen generelt. Ut frå føreliggjande samanlikning mellom standpunkt- og eksamenskarakterar, må ein spesielt sjå nærare på vurderingspraksis i faga matematikk og engelsk.

4.4 Grunnskolepoeng


Grunnskolepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane blir brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skole. Grunnskolepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og gonga med 10.

Dersom det manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven

Grunnskolepoeng er presentert som karaktergjennomsnitt med ein desimal.

Lokale mål

Grunnskolepoenga skal over ei 5-årsperiode ligge over nasjonalt snitt.

10. trinn

Aukra kommune skoleeier, Grunnskole, Grunnskolepoeng, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Grunnskolepoenga er over ei 5-årsperiode over landssnittet. Mål nådd.

	2012/2013	2013/2014	2014/2015	2015/2016	2016/2017
Aukra	42,6	43,5	41,5	40,7	41,6
Nasjonalt	40,0	40,3	40,7	41,1	41,4

Gjennomsnitt

Aukra: 41,98

Nasjonalt: 40,70

Aukraelever har grunnskolepoeng som i snitt ligg 1,28 høgare enn landssnittet. Målet er nådd.

Rektorane melder om at det er eit arbeid på gang med å sjå på vurderingspraksis, og som følgje av dette er avviket på grunnskolepoenga nasjonalt og lokalt vorte mindre dei siste to åra.

Vurdering av læring bør først og fremst handle om korleis lærarane kan forbetre og utvikle eigen praksis ut frå dei resultatane som vurderingane viser. Det er ikkje elevane aleine som skal ta konsekvensane av vurderingsresultata, men elevane og lærarane i nært samarbeid. Slik kan lærarane sin vurderingspraksis få positive konsekvensar for elevane sitt læringsutbytte. *(Dette vet vi om vurderingspraksis, Thomas Nordahl m.fl., 2014)*

5.0 Gjennomføring

Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikre dei vidare studium eller deltaking i arbeidslivet. Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med denne indikatoren: Overgang frå GS til VGO

5.1 Overgang frå grunnskole til VGO

Prosentdelen av elevkullet som er registrert i vidaregåande opplæring hausten etter uteksaminering frå grunnskolen.

Lokale mål

Aukra kommune skal arbeide for at alle elevar skal over i vidaregåande opplæring.

Aukra kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode | Offentleg eigarform

Indikator og nøkkeltall	2012	2013	2014	2015	2016
Elever (16 år) som er registrert i vidaregåande opplæring samme år som avsluttet grunnskole					
Aukra kommune skoleeier	98,0	100,0	98,0	100,0	100,0
Kommunegruppe 16	97,6	*	97,6	*	*
Møre og Romsdal fylke	*	*	*	*	*
Nasjonalt	97,8	97,9	98,0	98,1	98,1

Aukra kommune skoleeier, Grunnskole, Overgangen fra grunnskole til VGO, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Vurdering

Tala over fem år viser god overgang til vidaregåande skole. Kommunen har ein overgang som er større enn nasjonalt. År om anna kan det vere bestemte årsaker til at enkelte elevar ikkje startar på

vidaregåande rett etter ungdomsskolen.

6.0 Oppsummering

6.1 Elevar og undervisningspersonale

Talet på elevar

Elevtalet i Aukraskolen er auka med 45 elevar dei siste fem åra. Mellom anna kom det ein del flyktingar til Gossen skoleåret 2015-2016.

Årsverk for undervisningspersonale

2,1 færre lærarårsverk over ein 5-årsperiode. Det har vore ei rasjonalisering av drifta ved at elevtalet i undervisningsgruppene har auka. I tillegg har skolane denne perioden hatt ei timetalsutviding:

Del av årstimar gitt av personale med godkjend utdanning

Tala syner at 91% av undervisninga vert gitt av lærar med godkjend utdanning.

6.2 Læringsmiljø 2017-2018

Tala i skoleporten.no syner at elevane generelt sett på 7. og 10. årssteg opplever høg grad av trivsel på skolen.

Kommunen har eit overordna system for å følgje opp elevane sitt læringsmiljø,

Systemet er lagt ut på kommunen si heimeside. Det er svært viktig at tilsette på skolane, føresette og elevar er gjort kjent med innhaldet i dokumentet.

Om nokon utanfor skolen, til dømes politikarar, høyrer om mobbing/utfordringar i læringsmiljøet er det viktig kople ei mogleg sak direkte til **rektor** ved aktuell skole.

Når/om mobbing oppstår, må det vere eit mål at saker vert løyst så fort som mogleg. I prinsippet er dette ordføraren og kommunestyret sitt ansvar.

Opplever foreldre/elevar at skolen ikkje tek godt nok tak i ei mobbesak, kan dei klage direkte til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

7. årssteg

5 av 10 mål nådd.

Det vert ikkje meldt om mobbing.

10. årssteg

7 av 11 mål nådd.

Det vert meldt om mobbing.

6.3 Faglege resultat 2017-2018

LESING

- 5. trinn i Aukra innfrir 2 av 2 mål.
- 8. trinn i Aukra innfrir 1 av 2 mål.

REKNING

- 5. trinn i Aukra innfrir 2 av 2 mål.
- 8. trinn i Aukra innfrir 0 av 2 mål.

ENGELSK

- 5. trinn i Aukra innfrir 1 av 2 mål.
- 8. trinn i Aukra innfrir 1 av 2 mål.

Karakterar i matematikk – 2017, 10. trinn.

- Standpunkt i matematikk: Over nasjonalt snitt
- Eksamen i matematikk: Under nasjonalt snitt

Grunnskolepoeng, 10. trinn

- I sum over tid har elevane i Aukra kommune grunnskolepoeng over nasjonalt snitt.
- Vurderingskompetanse hos lærarane er eit sentralt element i høve til å setje fagkarakterar som samsvarar med elevane sine faglege prestasjonar.

6.4 Gjennomføring

Tala over fem år viser god gjennomføring til vidaregåande skole. Kommunen har ein overgang som er større enn nasjonalt. År om anna kan det vere bestemte årsakar til at enkelte elevar ikkje startar på vidaregåande rett etter ungdomsskolen.

Aukra, 26. mars 2018

Marianne Bolghaug
Pedagogisk rådgjevar, skole- og barnehagefagleg ansvarleg



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 20/17	Kontrollutvalet	14.6.2018

AUKRA KOMMUNE. ØKONOMIRAPPORT 1. TERTIAL

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek Aukra kommune sin økonomirapport for 1. tertial 2018 saman med administrasjonen si munnlege framstilling, til orientering.

Kontrollutvalet oppmodar om at finansrapporten vert inkludert i den ordinære tertialrapporteringa.

Bakgrunn for saka

Etter lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 77 nr. 4 skal kontrollutvalet

”påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.”

Med heimel i lova har Kommunaldepartementet gitt Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar (kontrollutvalsforskrifta), kor kontrollutvalet sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon går fram av kapittel 4.

Med heimel i kommunelova § 46 nr. 8, har Kommunaldepartementet gitt **Forskrift 15.desember 2000 om årsbudsjett for kommuner.**

I § 10 i Forskrifta går det fram at administrasjonssjefen gjennom budsjettåret skal legge fram rapportar for kommunestyret som viser utviklinga i inntekter og utgifter i tråd med vedtatt årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen finn rimeleg grunn til å tru at det kan oppstå store avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportane til kommunestyret leggst fram forslag til naudsynte tiltak. Rapporteringa skal minimum skje to gonger pr. år jf. merknad til paragraf 10.

I § 11 går det fram at det skal gjerast endringar i årsbudsjettet når dette vert vurdert påkravd. Det er kommunestyret sjølv som skal vedta dei naudsynte endringar i årsbudsjettet.

I § 12 går det fram at oversiktene skal innehalde inntekter, utgifter, avsetningar og bruk av avsetningar og bygge på same grunnlag som vedtatt årsbudsjett.

I Aukra kommune sitt økonomireglement stå det at «Tertialrapporten skal vere ein avviksrapport som skal rapportere status for kvar eining. Kommunestyret kan vedta budsjettendring ved handsaming av tertialrapporten.»

Forskrift om kommuners- og fylkeskommuners finansforvaltning regulerer også rådmannen si rapportering til kommunestyret.

I § 6 i denne forskrifta går det fram at administrasjonssjefen minst to gonger i året skal legge fram rapportar for kommunestyret som viser status for kommunen si finans- og gjeldsforvaltning. I tillegg skal det ved året slutt leggjast fram ein rapport som viser utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

§ 7 i forskrifta beskriv kva rapportane skal innehalde.

Vedlagt saka følgjer:

- Økonomirapportering pr. 30.04.2018. Saksframlegg til formannskap og kommunestyre
- Budsjettkorrigeringar pr. 30.04.2018. Saksframlegg til formannskap og kommunestyre

Vurdering

Grunnlag for saka er rådmannen si sak «Økonomirapportering pr. 30.04.2018» og sak «Budsjettkorrigeringar pr. 30.04.2018».

Ut frå ei samla vurdering av rammetilskot og kommunen sin skatteinntang ventar ikkje rådmannen ved årsskiftet vesentleg avvik.

Når det gjeld inntekter frå eigedomsskatt så rår rådmannen til at det blir teke ei ny vurdering ved 2. tertial, når taksering er ferdig og ein har betre oversikt over eventuelle konsekvensar året si klagehandsaming vil ha.

Frå kommunen sine einingar/avdelingar er det meldt ei endra prognose med 8,8 mill. kroner. 5 mill. kroner av dette gjeld Innvandring og integrering, som har meldt at dei i si drift vil få utgifter som er høgare enn motteke statleg tilskot og bruk av fond. Rådmannen skriv at berekninga for seinare års drift viser at dette vil bli dekt inn igjen ved mindreforbruk allereie i 2019.

Frå Julsundet skole, Helse og Tekniske tenester er det opplyst at dei pr. no vurderer at dei vil få eit meirforbruk på samla 3,8 mill. kroner. Rådmannen skriv at ho rår til at ein kjem attende til desse forholda ved handsaming av 2. tertial.

Sekretariatet har merka seg at tertialrapporten gjev god informasjon også om eininga Innvandring og integrering.


Når det gjeld investeringsrekneskapen, så er det ikkje venta avvik i forhold til framdrift og/økonomisk ramme, utover det som eventuelt er opplyst i kommentarar til dei enkelte prosjekta i tertialrapporten. Det vert i budsjettkorrigeringssaka rådd til å gjere to endringar i investeringsbudsjettet, som vert finansiert ved bruk av disposisjonsfond og auka momskompensasjon.

Aukra kommune sin tertialrapport er ein rein økonomirapport knytt til avvik.

Finansrapporten har vore lagt fram som ei eiga sak til kommunestyret. I 2017 vart det lagt fram to finansrapportar til kommunestyret. Etter forskrifta skal det vere to rapportar, samt ein rapport ved årsslutt. Revisjonen har i sin tilbakemelding etter årsoppgjersrevisjonen rådd til at finansrapportane vert inkludert i den ordinære tertialrapporteringa.

Sekretariatet er ikkje kjent med at det er feil ved framlagte tertialrapport.

Jane Anita Aspen
daglig leder

	Aukra kommune	Arkivsak: 2018/248-10
		Arkiv: 153
		Saksbeh: Erna Varhaugvik
		Dato: 30.05.2018

Saksframlegg

Utv.saksnr.:	Utval:	Møtedato:
46/18	Formannskapet	11.06.2018
	Kommunestyret	

Økonomirapportering pr. 30.04.2018

Rådmannen si tilråding:

Rapporten vert teke til vitande.

Særutskrift: Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal

Bakgrunn:

Kommunelova § 47 og forskrift om årsbudsjett § 10 har reglar for budsjettstyring.

I § 47 nr. 2 går det fram at dersom det skjer endringar i løpet av budsjettåret som kan få betyding for dei inntekter og utgifter som årsbudsjettet bygger på, skal administrasjonssjefen gje melding til kommunestyret.

I forskrifta sin § 10 går følgjande fram " Administrasjonssjefen skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret som viser utviklingen i inntekter og innbetalinger og utgifter og utbetalinger i henhold til det vedtatte årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen finner rimelig grunn til å anta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunestyret foreslås nødvendige tiltak".

Aukra kommune sitt Økonomireglement er utarbeidd med grunnlag i desse reglane, og der står *følgjande* " *Tertialrapporten skal vere ein avviksrapport som skal rapportere status for kvar eining. Kommunestyret kan vedta budsjettendringar ved handsaming av tertialrapporten. Rådmannen legg fram forslag til budsjettendringar frå administrasjonen. Rapporten blir utarbeidd av administrasjonen og lagt fram til politisk handsaming.*"

Utgreiing:

Denne saka rapporterer økonomistatus pr. 30. april 2018, og i tråd med lov og forskrift er det berre vesentlege avvik som blir meldt. Budsjettet er periodisert, det vil seie at det er fordelt ut over året i samsvar med venta tidspunkt for når utgifter og inntekter blir bokført. Avvik i høve til periodisert budsjett treng difor ikkje å bety avvik ved årsslutt.

Frie disponible inntekter

Rammetilskot

Kommunen sitt rammetilskot pr. 30.04. er på kr. 41,2 mill. som er 1,2 mill. lågare enn budsjett. Inntektsutjamning til og med februar er då teke omsyn til med eit trekk på kr. 0,8 mill.

Rammetilskotet vart i budsjettet for 2018 fastsett til kr. 106,8 mill., etter at motteke inntektsutjamning på kr. 1.635.000,- er teke omsyn til. Inntektsutjamninga var fastsett ut frå ei forventning om at kommunen sin skatteinngang ville ligge noko under landsgjennomsnittet. Trekket er fastsett lik venta del av finansieringa av tilleggskompensasjon til kommunar med særleg låg skatteinngang (under 90% av landsgjennomsnittet) og kompensasjon for skattenivå lågare enn landsgjennomsnittet, med 60% av denne differansen.

Pr. april er det i rammetilskotet teke omsyn til inntektsutjamning ut frå skatteinngangen til og med februar månad. Denne var då på 109% av landsgjennomsnittet. Kommunen sin skatteinngang pr. 30.04 har endra seg til 97,7 % av landsgjennomsnittet og det er opplyst at vi får tilført inntektsutjamning med kr. 59.000,- i rammetilskotet. Dersom denne utviklinga held seg resten av året vil venta avvik i rammetilskotet bli uvesentleg.

KS-omtalt skatteinngang pr. 30.04 slik:

«Veksten i april måned sammenliknet med april 2017 var sterk, om lag 30 pst både for kommunene og fylkeskommunene. Om lag 40 pst av skatteinngangen i april består av naturressursskatt, og denne endrer seg lite fra år til år. Det var derimot sterk vekst i forskuddstrekk, forskuddsskatt og restskatt i april måned.

Både kommunene og fylkeskommunene lå ved utgangen av april godt over vekstanslagene i Nasjonalbudsjettet 2018, som var 1,3 pst for kommunene og 2,7 pst for fylkeskommunene. I forbindelse med revidert nasjonalbudsjett for 2018 (RNB) er det imidlertid anslått at lønnsveksten i 2018 vil bli lavere enn tidligere antatt. Nedjusteringen av lønnsvekstanslaget medfører at anslaget på kommunesektorens skatteinntekter i 2018 settes ned med knapt 0,5 mrd. kr. De nye vekstanslagene er nå 1,0 pst for kommunene og 2,3 pst for fylkeskommunene.»

Skatt på inntekt og formue

Skatteinngangen pr. 30.04. svarar til 97,06 % av budsjettert inntekt for perioda, og gjev ei redusert inntekt på kr. 1,0 mill. i forhold til budsjett.

Avviket pr. 30.04 er ikkje vesentleg og er so tidleg på året enno svært usikkert. Rådmannen rår derfor til at ein følgjer utviklinga utover i året og vurderer om denne bør endrast på 2. tertial.

Ut frå ei samla vurdering av rammetilskot og kommunen sin skatteinngang ventar ein ved årsskiftet ikkje vesentlege avvik.

Eigedomsskatteinntekter

Pr. 30.04 har vi ei mindreinntekt på eigedomsskatt med kr. 5,7 mill.

I budsjett for 2018 er det fastsett ei venta inntekt på eigedomsskatt på kr. 240 mill. basert på kjente forhold og ei venta auke på kr. 2,5 mill. Etter at budsjettet var ferdigstilt vart inntektene frå

eigedomsskatt, på grunnlag av klagehandsaming, redusert eigedomsskatt med kr. 8,9 mill. frå og med 2017.

Fastsetting av takstgrunnlag for utskriving av eigedomsskatt pr. 1.1.2018 er enno ikkje ferdig. Det er derfor ikkje mogeleg å gjere realistiske estimat på kva eigedomsskatten for 2018 vil bli på dette tidspunktet. Ut frå kjente forhold vil den bli redusert med 8,9 mill., men dette er ikkje ei fullstendig og realistisk endring.

Rådmannen rår derfor til at det blir teke ei ny vurdering ved 2. tertial, når taksering er ferdig og ein har ei betre oversikt over eventuelle konsekvensar året si klagehandsaminga vil ha.

Finans-inntekter og utgifter

Rente- og avdragsutgifter

Venter ikkje vesentlege avvik på årsslutt.

DRIFTSBUDSJETT 2017 - budsjettskjema 1A og B

	Rekneskap pr 30.04.2018	Per. Budsj. pr 30.04.2018	Budsjett m/ endring 2018	Oppr. Budsjett 2018	Rekneskap 2017
Tala er i heile 1000 kroner					
Skatt på inntekt og formue	-31 663	-32 619	-103 552	-103 552	-102 416
Ordinært rammetilskot	-41 235	-42 406	-106 832	-106 832	-101 823
Skatt på eigedom	-114 325	-120 048	-240 095	-240 095	-228 649
Andre direkte eller indirekte skatter	0	0	0	0	0
Andre gen. statlege tilskot	0	0	0	0	-712
Sum frie disponible inntekter	-187 222	-195 072	-450 479	-450 479	-433 601
Renteinntekter og utbyte	-718	-375	-1 900	-1 900	-5 684
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-3	0	-10 037	-10 037	-2 139
Renteutg., provisj. og andre finansutgifter	2 078	2 023	6 880	6 880	6 544
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	4 920	4 997	35 293	35 293	28 621
Netto finansinntekter /- utgifter	6 278	6 645	30 236	30 236	27 343
Til dekning av tidlegare års	0	0	0	0	0
rekneskapsmessige meirforbruk	0	0			
Til ubundne avsetningar	0	0	135 839	135 839	141 989
Til bundne avsetningar	0	0	0	0	0
Bruk av tidligare års regn.m. mindreforbruk	0	0	0	0	-11 918
Bruk av ubundne avsetningar	0	0			-550
Bruk av bundne avsetningar	0	0			0
Netto avsetningar	0	0	135 839	135 839	129 520
Overført til investeringsreknesk	0	0	0	0	0
Til fordeling drift	-180 944	-188 427	-284 404	-284 404	-276 735
10.1 Rådmannen, politisk og serviceavdelinga	7 266	8 346	19 446	19 446	22 420
10.3 Økonomiavdelinga	1 999	2 080	5 684	5 684	5 426
10.4 Organisasjonsavdelinga	1 421	1 396	3 412	3 412	3 982
10.7 Barnevern	2 032	1 945	7 780	7 780	6 953
10.8 Pedagogisk rådgjevar	2 727	2 125	8 573	8 573	7 640
10.9 Næring, revisjon, kyrkje	1 778	13 343	27 430	27 430	26 604
20 Gossen barne og ungdomsskole	12 955	12 534	33 244	33 244	32 965
21 Julsundet skole	7 591	7 499	14 760	14 760	15 341
22 Barnebo barnehage	5 959	6 318	16 904	16 904	16 339
23 Bergetippen barnehage	3 240	4 101	11 108	11 108	10 005
24 Eining for innvandring og integrering	6 520	5 814	0	0	-21
25 Oppvekst og Kultur	2 841	3 372	10 330	10 330	10 207
30 Institusjon og buteneste	21 057	20 640	49 741	49 741	52 479
32 Tenester til heimebuande	10 526	11 257	31 318	31 318	29 282
40 Helse	5 526	4 854	13 108	13 108	12 412
50 NAV	1 575	1 276	3 453	3 453	3 690
60 Plan, utvikling og samfunn					4 266
62/65 Teknikk, eigedom og brann	10 966	10 316	26 557	26 557	26 196
89 Motpost kalk. renter og avskr.			-4 897	-4 897	-5 431
90 Andre tilskot/refusj.og pensjon	-8	0			542
Buffer - lønnsvekst			6 452	6 452	
Pensjon og premieavvik					-7 031
Korr. av føringar både i skiema 1A og 1B					
Sum fordelt til drift	105 972	117 215	284 404	284 404	274 269
Meirforbruk (+)/mindreforbr. (-)	-74 972	-71 212	0	0	-2 467

Drift

Drifts-ramme		Rekneskap pr. 30.04-18	Periode-budsjett	Avvik pr. 30.04-18	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
10.1	Rådmannen, politisk leing	7 266	8 346	-1 079	19 446	0	19 446
10.3	Økonomiavdeling	1 999	2 080	-81	5 684	0	5 684
10.4	Organisasjonsavdeling	1 421	1 396	25	3 412	0	3 412
10.7	Barnevern	2 032	1 945	87	7 780	0	7 780
10.8	Pedagogisk rådgjevar	2 727	2 125	602	8 573	0	8 573
10.9	Næring, revisjon, kyrkja m	1 778	13 343	-11 565	27 430	0	27 430
20	Gossen barne- og ungdoms	12 955	12 534	421	33 244	0	33 244
21	Julsundet skole	7 591	7 499	92	14 760	855	15 615
22	Barnebo barnehage	5 959	6 318	-359	16 904	0	16 904
23	Bergetippen barnehage	3 240	4 101	-861	11 108	0	11 108
24	Eining for innvandring og in	6 520	5 814	706	0	5 000	5 000
25	Kultur	2 841	3 372	-531	10 330	0	10 330
30	Institusjon og buteneste	21 057	20 640	417	49 741	0	49 741
32	Tenester til heimebuande	10 526	11 257	-730	31 318	0	31 318
40	Helse	5 526	4 854	671	13 108	1 050	14 158
50	NAV	1 575	1 276	299	3 453	0	3 453
62	Tekniske tenester	10 966	10 316	650	26 557	1 900	28 457
Totalt		105 979	117 214	-11 235	282 848	8 805	291 653
Forklaring til tabellen							
Avvik bereknas som regnskap minus periodebudsjett. Det betyr at mindreforbruk vert rapportert med negativt fortegn							

Frå kommunen sine einingar/avdelingar er det meldt ei endra prognose med kr. 8,8 mill. 5 mill. av dette gjeld Innvandring og Integrering som har meldt at dei i si drift i 2018 vil få utgifter som er høgare enn motteke statleg tilskot og bruk av fond. Berekingar for seinare års drift viser at dette vil bli dekt inn igjen ved mindreforbruk allereie i 2019.

Frå Julsundet skole, Helse og Tekniske tenester er det opplyst at dei pr. no vurderer at dei vil få eit meirforbruk på samla kr. 3,8 mill. Rådmannen har ikkje teke dette inn som tilrådde endringar i budsjettkorrigerings-saka, då desse forhold enno ikkje er fullstendig og godt nok utgreidd. Rådmannen rår i staden til at ein kjem attende til desse forhold ved handsaminga av 2. tertial. Årsaka til nye prognosar er gjort greie for på den enkelte eining/avdeling nedanfor.

Ut frå sette prognoser vil samla auke i midlar fordelt til drift i 2017 være kr. 8,5 mill., tilsvarande 3,1 % av opprinneleg vedteke budsjett. Dette vil være ei vesentleg auke i kommunen sitt utgiftsnivå, og redusere venta netto driftsresultat.

Ny prognose på netto driftsresultat vil, dersom ein ikkje kan handtere utfordringane innanfor det som allereie er vedteke fordelt til drift, bli kr. 121.950.000,-.

Rapportering frå einingane/avdelingane:

Einingane er pr. 30. april bedt om å rapportere tilbake på desse punkta:

1. Forklar meir-/mindreforbruk i forhold til periodisert budsjett på rapporteringstidspunktet
2. Forklar venta meir-/mindreforbruk i forhold til årsbudsjett med endringar pr. 31.12. (lik beløp sett inn i kollonna endra prognose)
3. Dersom meldt årsprognose viser meirforbruk: gjer greie for kva tiltak som er sett i verk for at dette skal avvike minst mogeleg frå vedteken ramme.
4. Meldt mindreforbruk i årsprognosen må gjerast greie for, varige avvik må meldast som budsjettkorrigerings.

10.1 Rådmannen, politisk leiing og serviceavdelinga

		Rekneskap	Periode- budsjett	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
10.1	Rådmannen, politisk leiing	7 266	8 346	-1 079	19 446	0	19 446

1. Eininga har eit mindreforbruk som i hovudsak skuldast at utgifter frå Kjerringsundet AS ikkje har kome til venta tid.
2. Det er ikkje venta eit mindreforbruk ved årets slutt.

10.3 Økonomiavdelinga

		Rekneskap	Periode- budsjett	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
10.3	Økonomiavdeling	1 999	2 080	-81	5 684	0	5 684

1. Det er ingen vesentlege avvik pr. rapportering.
2. Ein ventar ikkje avvik på årsbudsjett pr. årsskiftet.

10.4 Organisasjonsavdeling

		Rekneskap	Periode- budsjett	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
10.4	Organisasjonsavdeling	1 421	1 396	25	3 412	0	3 412

1. Avdelinga har ikkje eit vesentlig merforbruk ved utgangen av 1 tertial.
2. Ein ventar ikkje vesentlege avvik på årsbudsjett.

10.7 Barnevern

		Rekneskap	Periode- budsjett	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
10.7	Barnevern	2 032	1 945	87	7 780	0	7 780

1. Barnevernstenester har eit samla meirforbruk på kr. 87.000 pr. 30.4. Barnevernet sine tiltak kan ikkje fult ut stadfestas på førehand. Det er difor ei utfordring å få dei faktiske utgiftene til ein kvar tid til å stemme med budsjett.

2. Det er ikkje venta at årsrekneskapen vil avvike vesentleg frå årsbudsjettet.

10.8 Pedagogisk rådgjevar

		Rekneskap	Periode- budsjett	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
10.8	Pedagogisk rådgjevar	2 727	2 125	602	8 573	0	8 573

1. Meirforbruk skuldast spesialpedagogisk tiltak og etterberekning tilskot til privatbarnehage på totalt kr 420.000,-. Det er ikkje budsjettet. I tillegg har vi fått faktura frå Tøndergård tidlegare enn budsjettet.

2. Det er ikkje venta meir-/mindreforbruk i høve til årsbudsjett.

Vi har fått melding om at Trollmyra blir lagt ned frå 15. august. Det blir vurdert ved 2 tertial om ramma skal korrigerast i samband med dette.

10.9 Næring, revisjon, kyrkje

		Rekneskap	Periode- budsjett	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
10.9	Næring, revisjon, kyrkje m	1 778	13 343	-11 565	27 430	0	27 430

1. Årsaka til avviket er at GassRORiks ønskjer å fakturere tilskot først når endeleg takst er klar.

2. Takseringa av eigedomsskatten er enno ikkje ferdig. Det kan derfor komme ei endring i storleik på tilskot til gassROR iks seinare i år. Det blir eventuelt teke inn i 2 tertial.

20 Gossen barne- og ungdomsskole

		Rekneskap	Periode- budsjett	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
20	Gossen barne- og ungdoms	12 955	12 534	421	33 244	0	33 244

1. Gossen barne -og ungdomsskole(GBU) har eit meirforbruk på kr 420 824,- pr 30.4.2018. Det skuldast mellom anna av vi ikkje har fått fakturert alle inntektene som var planlagt i første tertial. I tillegg har vi auka utgifter til ein miljøarbeidar ved skolen. Behøvet for miljøarbeidar vart teke opp med rådmannen etter utfordringar i miljøet på skolen og referert på formannskapsmøte 08.03.2018. Kostnadane til miljøarbeidaren er det ikkje tatt høgde for i budsjettet.

2. Grunna stort kull i 1 trinn på skolen må ein vurdere ressursbehov til neste skuleår. Kostnad til miljøarbeidar er ikkje teke omsyn til i fastsett ramme. Ein kjem eventuelt attende til dette i 2 tertial.

21 Julsundet skole

		Rekneskap	Periode- budsjett	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
21	Julsundet skole	7 591	7 499	92	14 760	855	15 615

1. Årsaka til meirforbruket skuldast lågare brukarbetaling enn venta på SFO på grunn av at færre barn nyttar tilbodet. På skolen er det og nokre akutte behov for assistentstøtte til enkeltelevar.

2. Ny klasse i ungdomsskolen fører til behov for ekstra lærerressursar på 680 000 kr hausten 2018. Dette vil først få heilårsverknad frå 2019. Vi ventar ekstra behov for spesialundervisning frå hausten av. Omfanget vert først klart når sakkunnige vurderingar frå PPT ligg føre. Ekstra tiltak på assistentstøtte for vårhalvåret 2018 ligg inne i denne tertialen på kr 125.000,-. Vidare vert det eit behov for auke i transportkostnader til svømming på 50 000 kr.

3. Ein har vurdert alternative løysingar, og funne det som er lagt fram i 1. tertial som dei beste, både økonomisk og fagleg.

22 Barnebo barnehage

		Rekneskap	Periode-budsjett	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
22	Barnebo barnehage	5 959	6 318	-359	16 904	0	16 904

1. Årsaka til mindreforbruket er knytt til større inntekter enn budsjettert og høgare refusjon sjukeløn enn budsjettert.

2. Vi vil få nye brukarar med høgare hjelpebehov frå hausten av. Det skal vi klare å dekke innanfor eksisterande ramme og vi ventar ikkje at årsrekneskapen vi få vesentlege avvik i forhold til budsjett i år.

Trollmyra barnehage Aukra AS har varsla nedlegging frå nytt barnehageår (15.8). Barnebo skulle uavhengig av dette ta over dei åtte barna født i 2014 som skulle over til storbarn. I tillegg har vi tatt inn dei resterande fire barna og dei to barna som søkte Trollmyra til hovedopptaket. Sidan Barnebo avgir eit større kull til skolen og det er eit mindre kull født i 2017, driftar Barnebo fortsatt 8 avdelingar.

23 Bergetippen barnehage

		Rekneskap	Periode-budsjett	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
23	Bergetippen barnehage	3 240	4 101	-861	11 108	0	11 108

1. Eininga har eit mindreforbruk som i stor grad er knytta til lønn. Det er fleire usikkerheitsfaktorar knytta til dette. Barnehagen manglar 2 barnehagelærarar og i tillegg har vi 2 barnehagelærarar i permisjon utan lønn. Det er tilsett konstituerte pedagogiske leiarar med dispensasjon frå utdanningskravet. Dvs. arbeidskraft som er rimelegare enn det Lov om barnehagar krev. Vi lyser ut og håper på å tilsette riktig kvalifisert personale til nytt barnehageår i august. Om vi lykkes vil dette auke lønnsutgiftene.

2. Driftsutgiftene til lønn aukar frå mai 2018 også pga. iverksette tiltak. Det er naudsynt med eit strakstiltak i samband barns rett til særskilt støtte jamfør lov om barnehager § 19 g. Dette tiltaket vert dekt innanfor den økonomiske ramma barnehagen har. Behovet for tiltaket vil vurderast undervegs, men mest trulig måtte vare ut året.

Det er knytta noko usikkerheit omkring inntektene til barnehagen. Vi har i augeblikket 10 ledige plassar frå 15.august. Dette utgjør eit inntektstap på 15000 – 30000 pr. måned avhengig av om det er barn over eller under 3 år. Inntekta vert også påverka av kor mange føresette som har rett til redusert foreldrebetaling pga. lav inntekt. Desse faktorane veit vi ikkje sikkert utfallet av før det nye barnehageåret er gang. Som kjent er det mykje tilflytting til Julsundet så me håper på fleire søkarar.

3. Det er forventa at budsjettet er i balanse ved utgangen av året. Gjennom ein grundig og heilskapleg vurdering fram mot andre tertial vil ein vurdere om det er varige avvik og eit mindreforbruk som gjer at den økonomiske ramma skal justerast.

24 Eining for innvandring og integrering

		Rekneskap	Periode- budsjett	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
24	Eining for innvandring og it	6 520	5 814	706	0	5 000	5 000

1. Hovedårsaka til meirforbruket er introduksjonsstønad. Dette skuldast at fleire deltakarar har fått forlenga introduksjonsprogrammet utover 2 år, då dei ikkje er ferdig kvalifisert. 25 av 43 deltakarar vil avslutte programmet i løpet av juli/august, slik at utgiftene til introduksjonsprogrammet vil jamne seg ut.

2. Ein ventar seg eit meirforbruk i forhold til budsjett på året då vi ikkje har fått dei refusjonane som vi hadde forventa frå IMDI. Som det blir opplyst om nedanfor vert meirforbruket dekt inn i 2019.

3. Det er sett i gang naudsynte sparetiltak i eininga. Tilsette som sluttar vert ikkje erstatta, ein ser på fleire samlokaliseringar og nedbemanning av stab.

Oppfølging etter regnskapsavslutning 2017

Vi viser til signal i kontrollutvalet og kommunestyret om meir informasjon om drifta. Vi har hatt ein gjennomgang av inntekter og utgifter for 2018. Dei statlege overføringane som gjeld integreringstilskot er på kr. 27.492.600. I tillegg ventar vi statlege tilskot til norskopplæring på ca. 3 millionar. På inntektssida kjem og inntekter frå sal av mat og klede, samt andre overføringar frå NAV og Bufetat. Den samla inntekta er på kr. 31.774.600. Utgiftssida viser ei samla utgift på kr. 33.228.861. Eininga har inne tilskotssøknadar på 2,3 mill som ein ikkje har fått svar på. Eininga har og ei utfordring i samband med tilbakeføring av inntekter og bruk av fond. Ut frå dagens prognose kan det i året 2018 samla sett gi et meirforbruk på 5,6 mill. Fond er då teke inn i drifta med resterande beløp. Tilskotssøknadar på 2,3 mill er då ikkje rekna med som inntekt. Prognosene viser at dette meirforbruket vert dekt inn i 2019.

25 Kultur

		Rekneskap	Periode- budsjett	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
25	Kultur	2 841	3 372	-531	10 330	0	10 330

1. Kultur har eit mindreforbruk på kr. 531.000,-. Det er fleire årsaker til det, dei største avvika er knytt til at vi har fått utbetalt ikkje budsjettert tilskot på kr. 200.000,- for stilling som SLT-koordinator. I tillegg har vi ikkje mottatt faktura for kjøp av tenester ved kulturskolen som er budsjettert med om lag kr. 154.000,-. Periodisering av utbetaling av tilskot frå fondet «Tilskot til frivillige lag og organisasjonar i nærmiljøet» er utfordrande då vi ikkje kan forutsjå når krav om utbetaling vert mottatt. Kr. 85.000,- av mindreforbruket er knytt til dette.

2. Det er ei utfordring at stillingsstorleiken i kulturskolen endrar seg frå år til år i forhold til søknadar om tilbod og tilgang til lærarkrefter. Dette betyr at stillingar som tidlegare har vore fast i Aukra kommune over år kan endre seg til å verte engasjement eller kjøp av tenester. Desse stillingane er ikkje med i den årlege lønsjusteringa og over år har dette medført ein merkbar differanse. På tross av desse utfordringane meiner vi at vi ikkje vil ha vesentlege avvik i forhold til årsbudsjett.

30 Institusjonstenester

		Rekneskap	Periode- budsjett	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
30	Institusjon og buteneste	21 057	20 640	417	49 741	0	49 741

1. Eininga har eit meirforbruk på kr. 417.000. Meirforbruket skuldast i all hovudsak for høge løn- og overtidskostnader på fleire ansvar grunna mellom anna høgt sjukefråvær i første kvartal. Samt at pålegg frå Fylkesmannen om aktiv natt på avlastningsbustadane dekkas med overtidsbruk, inntil ny turnus trår i kraft. Aukraheimen har eit meirforbruk på kr. 1.250'. Bergtun har tilsvarende mindreforbruk grunna utsatt innflytting av ein bebuar.

Eininga har måtte gjennomføre organisatoriske endringar i leiinga som er kostnadsrekna til kr. 570.000, og utgjer om lag kr. 190.000 i første tertial. Arbeidsmiljø kartlegging ved Aukraheimen utgjer om lag kr. 73.800. Mellombels auke i arbeidsstyrke og kostnad knytt til kurs innan ny teknologi i nytt omsorgs-senteret, utgjer kr. 203.200 i første tertial.

2. Det er usikkerheit i framtidig kostnadsbilde grunna flytting og innkjøring i nytt omsorgssenter. Det er venta at drifta av det nye omsorgssenteret skal være meir rasjonell enn Aukraheimen.

3. Tiltak for å redusere kostnadane i forhold til vedtekte rammer er innføring av nye turnusar både for Omsorgssetneret, avlastinga og Bergtun. Dei er godkjent og innan dei rammene eininga rår over. I tillegg er det i større grad enn tidlegare eit samarbeid mellom Heimetenesta og Institusjon på natt.

32 Tenester til heimebuande

		Rekneskap	Periode- budsjett	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
32	Tenester til heimebuande	10 526	11 257	-730	31 318	0	31 318

1. Eininga har eit mindreforbruk på kr. 730.000 i første tertial. Mindreforbruket skuldast i all hovudsak vakante stillingar. Fleire tilsettingar er gjort, og eininga har satt i verk tiltak for å rekruttere naudsynte ressursar inn i dei stillingane som fortsatt står vakante.

2. Eininga er noko usikker på kva pleiebehovet i heildøgns omsorg vert og korleis ein vil organisere tenesteleveransane framover. Eit mindreforbruk i første tertial var som forventa. Driftsnivået i eininga skal auke som ein konsekvens av dei vedtekte planane om reduksjon i institusjonstenester.

3. Auke i tenestene er planlagt innan dei vedtekte økonomiske rammene for eininga for 2018.

40 Helse

		Rekneskap	Periode- budsjett	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
40	Helse	5 526	4 854	671	13 108	1 050	14 158

1. Årsaken til meirforbruket er at kostnaden for transporttjenesta til Helseforetaket for legevakt med ambulansébåtane Øyvon og Dr. Riiber vert høgare enn budsjettet. Overgangen til ny kommunelege 2 blei høgare enn budsjettet.

2. Gjesteinnbygjaroppgjær for bruk av faslegar i andre kommunar blitt belasta regnskapet påfølgende år, revisjonen har gjort oss oppmerksom på at dette ikkje er riktig praksis. For 2018 vil

regnskapet bli belasta med to godgjeringar til Helseforetaket. Det utgjer kr 480.000,- i meirkostnad i regnskapet for 2018. Dette vil være ein eingongskostnad dette året.

Helsetenesta må betale 2.736.972 for 2018 til Helseforetaket for ambulansébåtkøyning. Refusjon vert berekna ut i frå driftsbudsjett for båtene og køyning. I budsjettet er det berekna til 1.800.000. Det gjer eit avvik på om lag kr 1.000.000,-. Vi har også ei auka inntekt på Dr. Rieber med kr 680.000,-. Netto vert dette ei kostnadsauke på kr 380.000,-. Dette er ei varig auke av driftskostnadane. Som nevnt i punkt 1 blei overgang til ny kommunelege 2 kr 190.000,- høgare, dette er ein eingongskostnad for 2018.

3. Kostnadane i punkt 2 kan ikkje eininga sjølv påvirke då det er driftsavtalar mellom nabokommunar og Helseforetaket, einingsleiar ser ikkje at det er mogleg dekke inn dette i ramma og om ei budsjettkorrigering på totalt kr 1.050.000,-.

50 NAV

		Rekneskap	Periode-budsjett	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
50	NAV	1 575	1 276	299	3 453	0	3 453

1. Mindreforbruket skuldast ikkje innkrevd refusjon for flyktningar.

2. Vi held fortsatt fram med tiltak for å få redusert utbetalingar til økonomisk sosialhjelp. Krav om aktivitet er eit av dei tiltaka vi har fokus på. Og generelt ein meir arbeidsretta fokus for denne gruppa som mottar sosialhjelp. Ein forventar ikkje større avvik på årsprognosa.

62 Tekniske tenester

		Rekneskap	Periode-budsjett	Avvik i NOK	Budsjett inkl. endring	Endra prognose	Ny prognose
62	Tekniske tenester	10 966	10 316	650	26 557	1 900	28 457

1. Meirforbruket skuldast lønsutgifter til interne prosjektleiarar ikkje enno er fordelt på prosjekta og ekstraordinære lønsutgifter påløpt i 1 tertial. Det er også totalrenovering av en bustad ved Bergtun bufellesskap no i første tertial. I tillegg har vi eit stort meirforbruk på straum i bygga. Det har vært ein kald vinter og vi ligg no 30% over budsjett. Vintervedlikehald av vegar blei også høgare enn budsjettet.

Vidare er gebyrinntekter på regulering og oppmåling lågare enn budsjettet, medan inntekter fra kommunale avgifter ligg over budsjett i første tertial.

2. Generelt vedlikehald utanom eigedomsavdelinga viser eit mindreforbruk. Her kjem dei største utgiftene i sommarhalvåret. Utfordringane framover vil være straum som i verste fall komme på kr 1.300 mill Det er stor usikkerhet rundt tala da det er fleire nye bygg Omsorgssenteret, Julsundet skole og vidare bruk av deler av Aukraheimen. I tillegg vil det være usikkerhet rundt vintervedlikehald for fjerde kvartal 2018.

Investeringsbudsjett

Oversikta nedanfor viser kommunen sitt opprinnelege budsjett til investeringar i 2018 og endringar som er vedteke i løpet av året. Investeringsbudsjett er ikkje periodisert på same måte som drift, ein rapportere derfor her på rekneskap pr. rapporteringstidspunkt mot samla løyver for heile året.

Tiltak nr.	Store tiltak (i 1000 kr)	Rekneskap pr 30.04.2018	Opprinneleg budsjett 2018	Budsjett mv endring 2018	K-vedtak for 1. tertial	Meir-/		Rekneskap tidlegare år	Vedteken kostnads- ramme
						mindreforbr. Pr 30.04.2018	Prognose 31.12.2018		
210200	Julsundet skole og fleirbrukshus	13 064	33 800	33 800		-18 736	33 800 000	104 460	128 000
257000	Kulturhus og basseng	609	4 000	4 000		-3 391	4 000 000	2 644	192 000
303201	Tilrettelagt bustad Bergtun	31	5 500	6 434	2 934	-8 403	8 434 000	365	6 400
309200	Aukra omsorgssenter	25 980	63 110	63 110		-37 130	63 110 000	153 665	210 000
313000	Julsundet omsorgsbase, planlegging	1 021	0	1 887	1 887	-866	1 887 000	2 670	0
616101	Torshaugrya aust bustadfelt	2 825	20 000	20 900	900	-18 075	20 900 000	10 187	26 700
620100	Energisentral, trinn 2	8	0	100	100	-92	100 000	14 700	15 200
645204	Opparbeiding - Falkhytten sentrum	229	2 500	2 500		-2 271	2 500 000	133	
645207	Utbygging Falkhytten Bergtun Aust	2 354	0	3 400	3 400	-1 046	3 400 000	1 361	
648115	Hovudvassledning Løvikkrysset - Bindarøy	0	5 000	5 000		-5 000	5 000 000	0	
648117	Hovudvassledning Flatvoll - Hukkelberg	69	3 900	6 900	3 000	-6 831	6 900 000	242	
669001	Utleigebustader i Julsundet	1 531	6 000	7 835	1 835	-6 304	7 835 000	3 159	
669002	Nybygg Aukratun	0	500	500		-500	500 000	0	
679103	Gang- og sykkelveg Solem - avkj. Røabukka	134	0	0		134	-	10 083	
679106	Sykkelveg Fidskrem - Molde Grense	0	200	200		200	200 000	0	
683020	Vegutbetjing og veglys Hollingsætervegen	1	3 900	3 900		-3 899	3 900 000	0	
683021	Veglys Hogsnesvegen, Skarshaugvegen Løvikvegen og Hellegota	0	4 000	4 000		-4 000	4 000 000	0	
	TOTALT	49 855	152 410	166 466	14 056	-116 611	166 466	303 670	578 300

Tiltak nr.	Små tiltak (i 1000 kr)	Rekneskap pr 30.04.2018	Opprinneleg budsjett 2018	Budsjett mv endring 2018	K-vedtak for 1. tertial	Meir-/		Rekneskap tidlegare år	Vedteken kostnads- ramme
						mindreforbr. Pr 30.04.2018	Prognose 31.12.2018		
102002	Investering ROR-IKT	1 003	1 228	1 228		-225	1 228	3 360	
210026	Småttboard i Julsundet	0	315	315		-315	510	0	
255000	Kommunal eigedel for speleridelskretser	0	300	300		-300	300	596	
257001	Mellertidige bygge kulturhus og basseng	52	1 400	1 400		-1 348	1 400	0	
300013	Velferdsteknologi - innsjuktjenester	83	0	0		83	0	0	
300014	Innkøp velferdsteknologi	253	2 100	2 188	88	-1 935	2 188	662	
302001	Utskiing av usikkert utstyr	61	250	330	80	-269	330	140	
302002	Utstyr til treningsrom	0	500	500		-500	500	0	
320300	Bilar heimtenesta	0	300	300		-300	300	779	
320301	IKT velferdsteknologi heimtenesta	0	250	718	468	-718	718	432	
320604	Tryggleiksalmar	0	500	500		-500	500	0	
320606	Velferdsteknologi nytt omsorgssenter, heimtenester	286	1 400	1 400		1 114	1 400	0	
602001	Reguleringsplan Kjerringundet	6	0	0		6	0	0	
625001	Tilak kommunehuset	0	1 000	1 300	300	1 300	1 300	0	
625003	Hurtiglaestasjon	0	200	200		-200	200	0	
625004	Koole kommunehus til den nye energisentralen	0	1 550	1 550		-1 550	1 550	0	
625010	Kyststi	0	1 000	1 000		-1 000	1 000	1 038	
627109	Reinholdsmaskinar	116	150	150		34	150	0	
645206	Tilak Falkhytten vest	0	900	900		-900	900	607	
648000	Vari generelle investeringer	3	500	500		-497	500	3 563	
648001	Forsystem grunnlag eiendomskatt	223	420	420		-197	420	0	
648000	Avløp generelle investeringer	0	350	350		-350	350	3 498	
669000	Administrasjon utbyggingsavdeling	312	0	0		312	0	0	
683015	Veglys gml. kommunehus al sentrum	0	0	810	810	-810	810	0	
683016	Veglys Bukavegen	394	0	137	137	257	137	1 876	
683017	Veglys Hjertrikvegen til Hjertrikberget bustadfelt	365	0	417	417	-52	417	783	
683019	Fiberutbygging	13	0	421	421	-408	421	478	
683022	Fiberstrekke Sparshelmsbraura - Iwika	0	200	200		-200	200	0	
684000	Busstur	17	0	308	308	-291	308	1 209	
	TOTALT	3 192	14 313	17 842	3 529	-14 650	18 037	19 020	0

Ein ventar ikkje avvik i forhold til framdrift og/eller økonomisk ramme, utover det som eventuelt er opplyst i kommentarar til dei enkelte prosjekta av utbyggingsavdelinga og einingsleiarane slik:

210200 Julsundet skole og fleirbrukshus

Framdrift som planlagt. Overtakelse er 26. juni. Det er tidligere informert om forventa meirforbruk på 3-4 mill. over ramme.

257000 Kulturhus og basseng

Arbeidet med driftsplan ferdigstillast i mai. Utlasing av plan- og designkonkurranse i løpet av sommaren 2018. Ligg noko etter skissert framdrift (ca. 1-2 mnd).

303201 Tilrettelagt bustad Bergtun

Entreprenør søker om igangsetting. Klart for oppstart grunnarbeid.

313000 Julsundet omsorgsbaser, planlegging

Ingen avvik i framdrift, kvalitet eller økonomi. Overtaking i starten av oktober.

620100 Energisentra, trinn 2

Det skal gjerast tiltak mot støy. Sluttrapport neste.

645204 Opparbeiding - Falkhytten sentrum

Reguleringsplan er ferdig utarbeidd og det er klart for å lyse ut anbod på riving av Soltun.

645207 Utbygging Falkhytten Bergtun Aust

Asfaltering av gangveg gjenstår. Prosjektet vert ferdigstilt med eit mindreforbruk.

648115 Hovudvassleidning Løvikkrysset - Rindarøy.

Under prosjektering.

648117 Hovudvassleidning Flatvoll - Hukkelberg

Prosjektet er avgrensa til strekninga Hukkelberg-Falkhytten grunna kostnadsramme. Klart for å lyse ut anbod.

669001 Utleigebustader i Julsundet

Ingen avvik i framdrift, kvalitet eller økonomi. Overtaking i starten av oktober.

669002 Nybygg Aukratun

Det er lyst ut etter assisterande prosjektleiar og byggherreombod. Det skal vidare lysast ut etter ein arkitekt. Tilsette ved Barnebo har vore på synfaringar og arbeider med rom- og funksjonsprogram.

679103 Gang- og sykkelveg Solem - avkj.Røabukta

Utgifter til oppmåling for sluttoppgjer grunneigarar.

683020 Vegutbetring og veglys Hollingsætervegen

Forhandlinger om grunnkjøp pågår.

683021 Veglys Hogsnesvegen, Skarshaugvegen-Løvikvegen og Hellegota

Anbod Hogsnes og Hellegota er lyst ut.

Små investeringar**210026 Smartboard Julsundet**

Etter at vi undersøkte prisar og bad om løyve for å få kjøpt inn nye Smart-Board tavler for klasseromma i Ungdomsskolen, kom det nye produkt som har langt betre kvalitet, LED. Desse tavlene har 3-4 gonger lenger levetid og betre lysstyrke enn tradisjonelle smart-board tavler. Vedlikehalsutgiftene vert reduserte.

Moldeskolane satsar LED teknologi der dei byggjer nytt.

Ungdomsskolen i Julsundet har store klasser, og lysstyrken gjer at elevane ser langt betre det som skjer på tavla.

255000 Kommunal eigendel for spelemiddelsøknader

Ikkje påventa avvik i 2019.

257001 Midlertidige bygg kulturhus og basseng

Gjennomgang av ulike løsnings, brukaravklaringer og kostnader pågår. Klart for oppstart på Aukraheimen straks etter utflytting.

625001 Tiltak kommunehuset

Interiørarkitekt har gjort klar bestilling av møblar i kommunestyresalen, og AV-utstyr er bestilt. Golv skal skiftast.

625003 Hurtigladestasjon

Planlegge møte med Istad og Grønn kontakt i løpet av mai/ juni 2018, søke midlar Enova

625004 Koble kommunehus til den nye energisentralen

Prosjektet vert starta opp i andre halvår.

625010 Kyststi

Grunneigar på den planlagte stitraseen var negativ til at kyststien skulle gå vidare frå Komedantholmen og i retning Røyrvika. Vi arbeider med å sjå på alternativ plassering og vil rapportere på 2. tertial om prosjekt Kyststi kan gjennomførast som budsjettert.

627109 Reinholdsmaskinar

Ei siste reinholdsmaskin skal kjøpast i løpet av året.

645206 Tiltak Falkhytten vest

Løyve til opparbeiding av flater i sentrum vest mellom skolen og omsorgssenteret.

648000 Vatn generelle investeringer

Løyve for mindre planlagte og uforutsette utbetringar i ledningsnettet.

648001 Forsystem grunnlag eiendomsskatt

Noko programvare og opplæring står att.

648500 Avløp generelle investeringer

Prosjekt for uforutsette tiltak. Utbetring av avløp frå Aukra Hotell.

683015 Veglys gml. kommunehus til sentrum

Vert bygd samtidig med vassleidning Hukkelberg -Flatvoll

683016 Veglys Buktavegen

Prosjekt ferdig uke 19, attståande ufakturert beløp ca. kr. 200.000. Meirforbruk ser ut til å bli på om lag kr.500.000,- grunna at ramma var for låg på strekninga på 2,2 km, ein del fjellgrøft og krav til arkeologiske utgravingar.

683017 Veglys Hjertvikvegen til Hjertvikberget bustadfelt

Prosjekt ferdig veke 20, Det vert eit meirforbruk på ca. kr.80.000,- grunna arkeologi og at kommunen måtte koste ny telefonkabel i grøfta.

683019 Fiberutbygging

Løyve på kr.70.000 til fullføring av Hjertvikvegen, og kr.350.000 til Flatvoll- Falkhytten.

683022 Fiberstrekke Sporsheimsbrauta - Juvika

Oppstart etter sommaren.

684000 Busskur

Asfaltering av busslommer i løpet av juni.

INVESTERINGSBUDSJETT 2018 - budsjettskjema 2A og B

Tala er i heile 1000 kr	Rekneskap	Budsjett (korr)	Budsjett (øppr)	Budsjett (korr)	Rekneskap
	30.04.2018	2018	2018	2017	2017
Investeringar i anleggsmidlar					
10 Sentrale styringsorgan	1 003	2 528	2 228	1 150	908
20 Gossen barne- og ungdomsskole	0	0	0	107	108
21 Julsundet skole	15 064	34 115	34 115	74 049	78 214
22 Barnebo barnehage	0	500	500	100	0
23 Bergetippen barnehage	0	0	0	0	0
25 Kultur	661	6 700	6 700	2 416	2 234
30 Institusjonstenester	28 960	84 284	77 460	136 150	134 857
32 Heimetenester	286	2 918	1 950	2 065	1 037
40 Helse	0	0	0	0	0
50 NAV	0	0	0	0	0
62/65 Teknikk, eigedom og brann	7 072	53 263	43 770	44 318	30 725
Sum anleggsmidlar	53 046	184 308	166 723	260 355	248 084
Kjøp av aksjer og andeler	0	902	902	760	903
Utlån og forskotteringar	0	1 800	1 800	1 000	2 157
Avdrag på lån	335	1 100	1 100	535	1 694
Avsetningar	0	0	0	0	400
Årets finansieringsbehov	53 381	188 110	170 525	262 650	253 237
Finansiert slik:					
Bruk av lånemidlar	0	-1 800	-1 800	-113 475	-114 632
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	1 252	-1 000	-1 000	-4 987	-583
Tilskot til investeringa	0	-91 300	-91 300	-2 253	-984
Mva-kompensasjon	-9 748	-27 064	-25 294	-50 307	-46 570
Mottekne avdrag på utlån og refusj.	-70	-755	-755	-535	-1 419
Andre inntekter	0	0	0	0	-757
Sum ekstern finansiering	-8 567	-121 919	-120 149	-171 557	-164 945
Overført frå drift	0	0	0	0	0
Bruk av avsetningar	0	-66 191	-50 376	-91 093	-88 292
Sum finansiering	-8 567	-188 110	-170 525	-262 650	-253 237
Udekket/udisponert	44 814	0	0	0	0

Administrative konsekvensar:


Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Sjå eiga sak om budsjettkorrigerering.

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Erna Varhaugvik
Økonomisjef

	Aukra kommune	Arkivsak: 2017/481-26
		Arkiv: 150
		Saksbeh: Erna Varhaugvik
		Dato: 30.05.2018

Saksframlegg

Utv.saksnr.:	Utval:	Møtedato:
47/18	Formannskapet	11.06.2018
	Kommunestyret	

Budsjettkorrigeringar pr. 30.04.2018

Rådmannen si tilråding:

Investeringsbudsjettet vert endra slik:

- Investeringstiltak 183206 – Bilar heimetenesta får ei auka løyve på kr. 200.000,- som blir finansiert ved bruk av disposisjonsfond
- Vedteke auke i prosjekt 683021 veglys Klippen – Løvik, Hogsnes og Hellegota med kr. 2.970.000,- blir finansiert ved bruk av fond med kr. 2.377.500,- og auka momskompensasjon med kr. 792.500,-.

Særutskrift: Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal revisjon IKS

Bakgrunn:

Kommunelova § 47 og forskrift om årsbudsjett § 11 har reglar om endring i årsbudsjett.

I kommunelova § 47 nr. 3 går følgjande fram "Får Kommunestyret melding etter nr. 2 foran, skal det foretas nødvendige endringar i budsjettet"

I forskrift om årsbudsjett går det fram at det skal gjerast endringar i årsbudsjettet når ein vurderer det nødvendig. Kommunestyret skal sjølv foreta slike endringar i årsbudsjettet.

Økonomireglementet er utarbeidd med grunnlag i desse reglane og der står følgjande:
"Tertialrapporten skal vere ein avviksrapport som skal rapportere status for kvar eining. Kommunestyret kan vedta budsjettendringar ved handsaming av tertialrapporten. Rådmannen legg fram forslag til budsjettendringar frå administrasjonen. Rapporten blir utarbeidd av administrasjonen og lagt fram til politisk handsaming."

Etter politisk ønske blir sak om tertialrapportering og budsjettkorrigerings handsama i to saker.

Utgreiing:

Ifølgje kommunelova § 46 nr. 1 går det fram at årsbudsjettet er ei bindande plan for kommunens midlar og bruken av desse. Det vil seie at verken administrasjon eller folkevalte organ kan gjere utbetalingar eller pådra kommunen utgifter som ikkje er innarbeidd i budsjettet. Unntaket for krav om budsjettheimel ved utbetalingstidspunktet, er utbetalingar som kommunen er rettsleg forplikta til å gjere.

DRIFTSBUDSJETT

Frå nokre av einingane er det meldt om moglege utfordringar i forhold til å dekkje auka utgifter innanfor sine rammer.

Rådmannen ser at desse forholda enno ikkje er fullstendig og godt nok greidd ut. Ein vil derfor følgje dei meldte behova opp framover, og eventuelt melde desse inn som tilrådde budsjettkorrigerings i sak pr. 31.08.2018

I KS-sak 24/18 vart det vedteke at Aukra kommune skulle dekke kr. 990.000,- av Eide Vassverk SA sine investeringar til naudsynte tiltak ved Halåsen vannbehandlingsanlegg. Det vart vedteke at tiltaket skulle finansierast ved bruk av disposisjonsfond.

Ifølgje rammeverket for kommunen si rekneskapsføring skal tilskudd til andre si investeringar etter regnskapsstandarden bli definert som en driftsutgift, og skal ikke kunne lånefinansieres. Dette blir derfor ei utgift som må takast i kommunen si drift, og gå inn i kommunen si sjølvkostberekning. Dette blir ei driftsendring på sjølvkostområdet etter oppsett kalkyle og fastsette begyr. Dersom dette fører til eit underskot på sjølvkostområdet blir dette midlertidig belasta kommunen sin økonomi. Finansieringa av dette vil då kome som ein del av framleggina av kommunen sitt årsrekneskap. Vedteke bruk av disposisjonsfond vil derfor ikkje blir nytta slik det går fram av vedtaket.

INVESTERINGSBUDSJETT

Oversikta nedanfor viser kommunen sitt opprinnelege budsjett til investeringar i 2018 og endringar som er vedteke i løpet av året. Investeringsbudsjett er ikkje periodisert på same måte som drift, ein rapportere derfor her på rekneskap pr. rapporteringstidspunkt mot samla løyver for heile året.

Dersom det ikkje blir meldt endringar inn i saka vil investeringsprosjekt bli gjennomført som planlagt både i forhold til tid og utgifter.

Endringar som Rådmannen tilrår går fram i kolonna tilrådde endra løyver. Utgreiing av endringar følgjer etter tabellane.

Tiltak nr.	Store tiltak (i 1000 kr)	Rekneskap		Budsjett m/	Tilrådde	Budsjett	Vedteken
		pr 30.04.2018	Opprinneleg budsjett 2018	endringar 2018	endra løyver	etter korr. av tilrådde endringar	kostnads- ramme
210200	Iulsundet skole og fleirbruks hus	15 064	33 800	33 800		33 800	128 000
257000	Kulturhus og basseng	609	4 000	4 000		4 000	192 000
303201	Tilrettelagt bustad Bergtun	31	5 500	8 434		8 434	6 400
309200	Aukra omsorgssenter	25 980	63 110	63 110		63 110	210 000
313000	Iulsundet omsorgsbaser, planlegging	1 021	0	1 887		1 887	0
616101	Torhaugmyra aust bustadfelt	2 825	20 000	20 900		20 900	26 700
620100	Energisentral, trinn 2	8	0	100		100	15 200
645204	Opparbeiding - Falkhytten sentrum	229	2 500	2 500		2 500	
645207	Utbygging Falkhytten Bergtun Aust	2 354	0	3 400		3 400	
648115	Hovudvassleidning Løvikvissset - Rindarø	0	5 000	5 000		5 000	
648117	Hovudvassleidning Flatvoll - Hukkelberg	69	3 900	6 900		6 900	
669001	Utlegebustader i Iulsundet	1 531	6 000	7 835		7 835	
669002	Nybygg Aukraun	0	500	500		500	
679103	Gang- og sykkelveg Solem - avkj.Roabukta	134	0	0		0	
679106	Sykelveg Eidskrem - Molde Grense	0	200	200		200	
683020	Vegutbetring og veglys Hollingsætervegen	1	3 900	3 900		3 900	
683021	Veglys Hogsnesvegen, Skarshaugvegen-Løvikvegen og Hellegota	0	4 000	4 000	2 970	6 970	
TOTALT		49 855	152 410	166 466	2 970	169 436	578 300

Tiltak nr.	Små tiltak (i 1000 kr)	Rekneskap		Budsjett m/	Tilrådde	Budsjett
		pr 30.04.2018	Opprinneleg budsjett 2018	endringar 2018	endra løyver	etter korr. av tilrådde endringar
104002	Investering ROR-IKT	1 003	1 228	1 228		1 228
210026	Smartboard i Iulsundet	0	315	315		315
255000	Kommunal eigendel for spelemiddelsøknader	0	300	300		300
257001	Midlertidige bygg kulturhus og basseng	52	1 400	1 400		1 400
300013	Velferdsteknologi - institusjonstenesta	83	0	0		0
300014	Innkjøp velferdsteknologi	253	2 100	2 188		2 188
302001	Utskifting av utslitt utstyr	61	250	330		330
302002	Utstyr til treningsrom	0	500	500		500
320000	Bilar heimetenesta	0	300	300	200	500
320001	IKT velferdsteknologi heimetenesta	0	250	718		718
320004	Tryggleiksalamar	0	0	500		500
320006	Velferdsteknologi nytt omsorgssenter, heimetenester	286	1 400	1 400		1 400
602001	Reguleringplan Kjemingsundet	6	0	0		0
625001	Tiltak kommunehuset	0	1 000	1 300		1 300
625003	Hurtigløstasjon	0	200	200		200
625004	Koble kommunehus til den nye energisentralen	0	1 550	1 550		1 550
625010	Kyststi	0	1 000	1 000		1 000
627109	Reinholdsmaskinar	116	150	150		150
645206	Tiltak Falkhytten vest	0	900	900		900
648000	Vatn generelle investeringer	3	500	500		500
648001	Forsystem grunnlag eiendomsskatt	223	420	420		420
648500	Avløp generelle investeringer	0	350	350		350
669000	Administrasjon utbyggingsavdeling	317	0	0		0
683015	Veglys gml. kommunehus til sentrum	0	0	810		810
683016	Veglys Buktavegen	394	0	137		137
683017	Veglys Hjertvikvegen til Hjertvikberget bustadfelt	365	0	417		417
683019	Fiberutbygging	13	0	421		421
683022	Fiberstrekk S porsheimsbrauta - I wika	0	200	200		200
684000	Busskur	17	0	308		308
TOTALT		3 192	14 313	17 842	200	18 042

Inn til 1. tertial er det meldt om desse endringane:

20 Gossen barne og ungdomsskole og 21 Julsundet skole

Det er frå begge skolane meldt utfordringar kring at fleire PC-ar blir fasa ut ved skolane (Gossen barne og ungdomsskole: 40 stk og Julsundet skole: 50 stk.) Årsaka er at desse er for gamle til at ein kan installere operativsystemet Windows 10 i desse.

Rådmannen ønskjer å få kartlagt kva konsekvensar det vil ha for skolane si undervising dersom investeringa blir utsett til 2019. Om dette har større konsekvensar vil ein eventuelt kome attende til behovet ved 2. tertial.

32 Heimetenesta

Investeringstiltak 183206 – Bilar heimetenesta

Det vart inn i arbeidet med budsjett 2018 meldt investering i to nye elbilar med tilsaman kr. 500.000,-. Dette i samsvar med ei auke i tenestene og ei langsiktig plan for rullering av bilparken. I budsjettprosessen vart det gjort ein feil, som medførte at det vart vedteke ei ramme på kr. 300.000 i staden for å handsame eit forslag på kr. 500.000. Feilen i budsjettprosessen blei ikkje oppdaga før tiltak og budsjett for 2018 vart vedteke av kommunestyret.

Eininga ynskjer ei jamn rullering av bilparken, for å sleppe dei store investeringane år om anna. Heimetenesta har i dag 10 bilar. Det er planlagt ei auke i tenestane til heimebuande for å utsette behovet for institusjonsplass jamfør plan. Plan for 2018 var då styrke heimetenesta med ein bil, samt at ein bil skal seljast på grunn av alder.

Rådmannen tilrår derfor at løyve til bilar i Heimetenesta blir auka med kr. 200.000,- til kr. 500.000,-.

683021 veglys Klippen – Løvik, Hogsnes og Hellegota

I kommunestyre si sak 26/18 blei det vedteke at prosjekt 683021 veglys Klippen – Løvik, Hogsnes og Hellegota inkludert 1200 meter vassledning skulle realiserast etter alternativ 3 med ein samla kalkulert kostnad på kr. 6.970.000,-. Prosjektet hadde opprinneleg eit løyve på 4.000.000,-.

Vedtaket mangla finansiering, og Rådmannen rår til at vedtak om bruk av disposisjonsfond blir arbeidd på plass.

BUDSJETTSKJEMA 2A OG 2B med tilrådte endringar:

Tala er i heile 1000 kr	Rekneskap	Budsjett (korr)	Budsjett (oppr)	Budsjett etter korr. av tilrådte endringar	Budsjett (korr)	Rekneskap
	30.04.2018	2018	2018	2018	2017	2017
Investeringar i anleggsmidlar						
10 Sentrale styringsorgan	1 003	2 528	2 228	2 528	1 150	908
20 Gosssen barne- og ungdomsskole		0	0	0	107	108
21 Julsundet skole	15 064	34 115	34 115	34 115	74 049	78 214
22 Barnebo barnehage	0	500	500	500	100	-
23 Bergetippen barnehage	0	0	0	0		
25 Kultur	661	6 700	6 700	6 700	2 416	2 234
30 Institusjon og buteneste	28 960	84 284	77 460	84 284	136 150	134 857
32 Tenester til heimebuande	286	2 918	1 950	3 118	2 065	1 037
40 Helse	0	0	0	0		
50 NAV	0	0	0	0		
60 Plan, utvikling og samfunn	0	0	0	0		
62/65 Teknikk, eigedom og brann	7 072	53 263	43 770	56 233	44 318	30 725
Sum anleggsmidlar	53 046	184 308	166 723	187 478	260 355	248 084
Kjøp av aksjer og andeler	0	902	902	902	760	903
Utlån og forskotteringar	0	1 800	1 800	1 800	1 000	2 157
Avdrag på lån	335	1 100	1 100	1 100	535	1 694
Avsetningar	0	0	0	0	0	400
Årets finansieringsbehov	53 381	188 110	170 525	191 280	262 650	253 237
Finansiert slik:						
Bruk av lånemidlar	0	-1 800	-1 800	-1 800	-113 475	-114 632
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	1 252	-1 000	-1 000	-1 000	-4 987	-583
Tilskot til investeringa	0	-91 300	-91 300	-91 300	-2 253	-984
Mva-kompensasjon	-9 748	-27 064	-25 294	-27 857	-50 307	-46 570
Mottokne avdrag på utlån og refusj.	-70	-755	-755	-755	-535	-1 419
Andre inntekter	0	0	0	0	0	-757
Sum ekstern finansiering	-8 567	-121 919	-120 149	-122 712	-171 557	-164 945
Overført frå drift	0	0	0	0	0	0
Bruk av avsetningar	0	-66 191	-50 376	-68 569	-91 093	-88 292
Sum finansiering	-8 567	-188 110	-170 525	-191 280	-262 650	-253 237
Udekket/udisponert	44 814	0	0	0	0	0

Administrative konsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Bruk av fond har endra seg sidan Budsjett 2018 vart politisk handsama slik:

Disposisjonsfond	2018
Beholdning 01.01. 2018	87 106 975
Bruk av fondet i driftsregnskapet	475 000
Bruk av fondet i investeringsregnskapet	50 376 000
Avsetningar til fondet	19 838 813
Beholdning 31.12 etter bruk som planlagt i opprinneleg Budsjett 2018	56 094 788
Endringar i budsjett 2018:	
Aukra Sokn K-sak 13/18	-2 230 000
Rebudsjettering ubrukte invest.løyver 2017 - K-sak 14/18	-14 615 000
KS-sak 22/18 - auka ramme tilrettelegging bustad Bergtun bufelleskap	-1 200 000
Tilrådte endringar i sak om budsjettkomiseringar pr. 30.04.2018	-150 000
KS-sak 24/18 - auka løyve til prosjekt 683021 veglyst Klippen - Løvik, Hogsnes og Hellegota	-2 227 500
Ny berekna saldo pr. 31.12.2018	35 672 288

 Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

 Erna Varhaugvik
Økonomisjef



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 21/18	Kontrollutvalet	14.6.2018

RÅDMANNEN SIN PLAN FOR OPPFØLGING AV TILRÅDINGAR I FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT OM OFFENTLEGE ANSKAFFINGAR

Sekretariatet si tilråding

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon følgjer av kommunelova § 77, nr. 4 og forskrift for kontrollutval, kap. 5.

Kontrollutvalet skal rapportere og legge fram gjennomførte forvaltningsrevisjonsrapportar og resultatane av desse til kommunestyret, jf. kontrollutvalsforskrifta § 11.

Kontrollutvalet behandla i møte 15.3.2018 sak 10/18 Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlege anskaffelser i Aukra kommune». Kontrollutvalet innstilte til kommunestyret som behandla saka i møte 17.4.2018 i k-sak 29/18.

Kommunestyret gjorde følgjande vedtak:

1. Aukra kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten **Aukra kommune – Offentlege anskaffelser** til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar:

Tiltak for etterleving av regelverket

- Aukra kommune bør sikre at alle tilsette med bestillarfunksjon får skriftleg fullmakt med beløpsgrense.
- Aukra kommune bør sikre at tilsett med bestillarfunksjon får naudsynt opplæring i regelverket om offentlege anskaffingar. Den opplæring som vert gitt bør dokumenterast.
- Aukra kommune bør sikre at alle innkjøp/anskaffingar blir kontrollert.
- Aukra kommunestyre ber om at forslaget frå Katrine Rindarøy vert innarbeidd i retningslinjer og regelverk mot sosial dumping i byggeprosjekt, jamfør «Telemarksmodellen» som er utarbeid av Telemark fylkeskommune

Anskaffingar etter regelverket

- Kommunen bør sikre at alle anskaffingar inntil 100 000 også blir gjort med konkurranse ved at det blir henta inn tilbud frå fleire tilbydarar.
- Kommunen sitt innkjøpsreglement bør oppdaterast i forhold til beskriving av EØS sine terskelverdiar og det nye regelverket frå 1.1.2017.
- Aukra kommune bør dokumentere anskaffingsprosessane og utarbeide protokoll der det er krav om dette etter regelverket.
- Kommunen bør følgje opp sine reglar om saksdokumentasjon knytt til ei kvar anskaffing under alle fasar av anskaffinga, skal oppbevarast samla, systematisk ordna i eit tenleg arkivsystem.
- Kommunen bør sikre at det blir tatt omsyn til miljømessige konsekvensar under planlegging av kvar enkelt anskaffing

Bruk av rammeavtalar

- Kommunen bør sikre at alle tilsette med bestillarfunksjon veit kvar dei kan finne rammeavtalar og at dei blir oppmoda til å bruke desse ved bestilling av forbruksmateriell.
- Aukra kommune bør styrke opplæringa i e-handel og oppmode dei som bestiller til å bruke e-handel ved innkjøp av forbruksvarer.

Organisering av området

- Aukra kommune bør vurdere om organisering av innkjøpsområdet er tenleg, under dette tal på personar med bestillarfunksjon.
2. Kommunestyret ber rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgd og påsjå at arbeidet vert gjennomført.
 3. Kommunestyret ber rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte 14. juni 2018.

VURDERING

Sekretariatet gjer utvalet merksam på at i vedtaket pkt 1., under overskrifta **Tiltak for etterleving av regelverket**, er det siste kulepunktet lagt til under kommunestyret si behandling. Rådmannen har alt sett i gang arbeid på dette området, og det vert fremja sak til formannskap og kommunestyret. Saka skal handsamast i formannskapet sitt møte 11.6.2018 sak 40/18. Saksframlegget er lagt med til kontrollutvalet under referatsak 25/18.

I følge pkt. 3 i vedtaket så ber kommunestyret rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte 14. juni 2018.

Sekretariatet har ikkje motteke ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, men rådmannen vil presentere planen i kontrollutvalet sitt møte. Sekretariatet har bedt om at planen føreligg skriftleg etter kontrollutvalsmøte.

Det vert ikkje gjeve noko tilråding i denne saka, sidan planen ikkje er kjent for sekretariatet.

Jane Anita Aspen
daglig leder



AUKRA KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2018-1547/04
Arkiv: 033
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 6.6.2018

Saksframlegg

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
PS 22/18	Kontrollutvalet	14.6.2018

OPPFØLGINGSLISTE

Sekretariatet si tilråding

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Bakgrunn for saka

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 8.5.2018.

I dette møtet er det lagt opp til orienteringar frå kommunen sin administrasjon knytt til følgjande sak på oppfølgingslista.

- **Tilstandsrapport for grunnskolen i Aukra**

VURDERING

Dersom det er saker utvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan desse verte fremma i møtet for oppføring på oppfølgingslista.

Jane Anita Aspen
daglig leder

**KONTROLLUTVALET I
AUKRA KOMMUNE**

SAKSOPPFØLGING

(å jour pr. 8.5.2018)

Saker som er tatt opp:	Merknad:	Status:
<p>27.02.14 Revidering av gjeldande økonomireglement i Aukra kommune Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Eit økonomireglement skal beskrive hovudreglane for den økonomiske styringa av kommunen si verksemd. Reglementet bør klargjere ansvaret mellom det politiske og det administrative nivået i kommunen og beskrive kommunen sine interne reglar og fullmakter. Økonomireglementet bør innehalde kommunen sine vedtak om økonomiplan, budsjett, rapportering, rekneskap og årsrapport. Økonomireglementet kan supplere delegeringsreglementet når det gjeld økonomisaker. Aukra kommune sitt økonomi-reglement er frå 2005 og vart revidert i desember 2009. Eit økonomireglement bør rullerast og oppdaterast jamleg.</p>	<p>27.02.14: Kontrollutvalet vil oppmode administrasjonen i kommunen om å revidere gjeldande økonomireglement slik at det er i samsvar med praksis. 01.07.14: Sekretæren skriv til kommunen og ber om at økonomireglementet vert revidert. 02.10.14: Økonomisjef Erna Varhaugvik orienterte. Økonomiavdeling har ikkje kapasitet i inneverande år å sette i gang arbeidet med revidering av gjeldande økonomireglement. 23.04.15: Kontrollutvalet vil be administrasjonen om ein statusrapport til neste møte. 11.06.15: Kontrollutvalet vil be administrasjonen om ein statusrapport til neste møte. 18.09.15: Rådmann orienterte. Bemanningssituasjonen i økonomiavdelinga har vore vanskeleg og avdelinga har av den grunn ikkje sett seg i stand til å prioritere dette arbeidet. Det er vurdert å kjøpe konsulenttenester for å fullføre arbeidet med revidering av økonomireglementet. Kontrollutvalet ser ikkje grunn for at kommunen skal få auka kostnadar ved kjøp av konsulenttenester og ber administrasjonen om å utsette dette arbeidet til bemanninga i avdelinga er tilfredstillande. Kontrollutvalet vil be administrasjonen om ein ny statusrapport til første møte i 2016. 17.02.16: Kontrollutvalet ønskjer i neste KU-møte å gjere ei gjennomgang av økonomireglementet, for å vurdere om dette er ei sak som kontrollutvalet framleis ønskjer å følgje opp. 25.04.16: Rådmann og økonomisjef svarte på spørsmål i dagens møte, jf. OS 08/16. Kontrollutvalet konkluderer med at dei har tillit til at økonomireglementet vert revidert, og at det er viktig at det gjeldande økonomireglementet vert fulgt. 20.11.17: Rådmannen har i sitt framlegg til budsjett og økonomiplan lagt inn at reglementet skal reviderast innan mars 2018. 08.05.18: Rådmannen opplyser at arbeidet er forseinka, men at reglementet truleg kjem</p>

<p>25.02.15 Oppfølging av politiske vedtak Ansvar: Adm.</p>	<p>Kontrollutvalet ønsker å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å sjå til at administrasjonen sett i verk og gjennomfører vedtak som er gjort. Kontrollutvalet har oppmoda om at ei slik oversikt vert lagt inn i tertialrapporteringa til kommunestyret, rådmannen har valt å ikkje følgje opp denne oppmodinga.</p>	<p>opp til handsaming i kommunestyre i juni eller over sommaren.</p> <p>25.02.15: Sekretær vert beden om å skrive til rådmann og be om å få oversendt ei oversikt over politiske vedtak fatta i perioden 01.01.2010 – 31.12.2014 som av ulike årsaker ikkje er sett i verk.</p> <p>23.04.15: Sekretæren har sendt brev til Aukra kommune 18.03.2015 og bedt om å få framlagt slik oversikt. Saka vil truleg komme opp i utvalet sitt neste møte.</p> <p>11.06.15: Sekretæren har vore i dialog med politisk sekretariat i Aukra kommune vedr. arbeidet med å lage ei oversikt over politiske vedtak i perioden 2010 – 2014 som ikkje er sett i verk. Saka vil truleg komme opp i utvalet sitt første møte til hausten.</p> <p>18.09.15: Oppfølging av politiske vedtak vart lagt fram som eigen sak i dagens møte, jfr. sak PS 30/15.</p> <p>09.06.16: Kontrollutvalet ønsker å få framlagt ei slik oversikt i kontrollutvalet sitt møte i september 2016.</p> <p>15.09.16: Kontrollutvalet fekk framlagt oversikt i dagens møte, jf. Sak 27/16. Utvalet oppmodar om at oversikt vert lagt inn i perioderapporteringa til K-styret.</p> <p>03.05.17: KU fatta i 2016 vedtak om å oppmode til at oppfølginga vert lagt inn i perioderapporteringa til kommunestyret. Sekretariatet har mottatt lister over vedtaksoppfølging frå adm., og har spurt om det betyr at oppmodinga ikkje blir følgt. Dersom oppfølging av vedtak ikkje vert lagt i perioderapportering, så får utvalet framlagt oversiktene i ciga sak i neste møte.</p> <p>14.06.17: Kontrollutvalet behandla oppfølginga i dagens møte, jf. sak 19/17. Utvalet ønsker i neste møte å få ei statusoppdatering på kvifor sakene ikkje er avslutta og kva som står att av arbeid knytt til dei sakene som ligg som restansar i 2016 og tidlegar.</p> <p>27.09.17: Utvalsmedlemmene hadde før møtet fått ettersendt liste med statusoppdatering på kvifor sakene ikkje er avslutta og kva som står att av arbeid knytt til dei sakene som ligg som restansar i 2016 og tidlegare. Det var ikkje tid til å gjennomgå listene i møte.</p> <p>20.11.17: Sekretær gjekk gjennom lista, som det ikkje var tid til å gjennomgå i</p>
--	--	---

		<p>førre møte. Utvalet har merka seg at rådmannen ikkje har følgd oppmodinga frå kontrollutvalet om å legge status for oppfølging av politiske vedtak inn i tertialrapporteringa til kommunestyret som fast post.</p> <p>15.02.18: Kontrollutvalet hadde til dagens møte, jf. sak 06/18, fått framlagt liste over politiske vedtak som ikkje er sett i verk. Det er 3 saker knytt til Drift og arealutvalet som er naturleg ikkje er avslutta. Sak om skogrydding knytt til vedtak i kommunestyret i 2013 er ikkje sett i verk. Rådmannen vil følgje opp saka. Når det gjeld oversikt over oppfølging av vedtak i tertialrapporteringa, så opplyser rådmannen at ho ikkje vil følgje oppmodinga om dette. Rådmannen vil sørge for at det vert lagt fram sak om vedtak som ikkje er følgd opp i same møte som tertialrapportane.</p> <p>15.03.18: Utvalet ønskjer i møte 3.5.18 svar frå rådmannen om korleis saka om skogrydding vert følgd opp. Det er også ønskeleg at skogbruksfagleg kompetanse er tilstades i møte for å orientere og svare på spørsmål.</p> <p>08.05.18: Utvalet fekk i møte utdelt oppdatert liste med status for vedtaksoppfølging. Utvalet ønskjer at det i merknadsfeltet vert gjeve konkret informasjon om status. Fagsjef plan, Kjell Lode, orienterte kontrollutvalet i dagens møte, jf. OS 04/18. Det blir no lagt fram sak for kommunestyret der det blir skissert vidare handtering av skogryddingssaka.</p>
<p>14.06.17 Arbeidsmiljøutvalet (AMU) Ansvar: Adm./sekr./</p>	<p>Kontrollutvalet har merka seg i Aukra kommune sin årsrapport for 2016 at AMU i 2016 ikkje hadde gjennomført møter. Etter arbeidsmiljølova skal kommunen ha eit slikt utval. Arbeidsmiljølova gjev reglar for kva type saker AMU skal behandle. På bakgrunn av dette ønskjer kontrollutvalet å følgje opp korleis arbeidet i arbeidsmiljøutvalet fungerer.</p>	<p>14.06.17: Kontrollutvalet hadde til dagens møte bedt om orientering om korleis arbeidstakar og arbeidsgjevarside ser på bruk av AMU og kvifor det ikkje var avvikla møter i AMU i 2016, jf. OS 16/17. Kontrollutvalet ønskjer å få ei oppdatering i neste møte der også representantar frå dei tilsette i AMU deltar.</p> <p>27.09.17: Ordførar, fung.rådmann, personalkonsulent og fire medlemmer frå AMU deltok i dagens møte, sjå OS 17/17. Utvalet ønskjer å fortsatt følgje med på AMU sitt arbeid og resultatet av arbeidsmiljøundersøkinga ved Aukraheimen.</p> <p>20.11.17: Kontrollutvalet ønskjer i neste møte ei orientering om resultatet frå arbeidsmiljøundersøkinga ved Aukraheimen.</p> <p>15.02.18: Rådmannen ønskjer ikkje at</p>

		<p>møteinnkallingar og protokollar frå AMU sine møter vert publisert på kommunen si heimeside, men kontrollutvalet vil få tilsendt møteinnkallingar og protokollar.</p>
<p>14.06.17</p> <p>Barnevernstenester</p> <p>Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Barnevernstenesta er ei interkommunal teneste for Molde, Midsund, Aukra og Eide kommunar, med Molde kommune som vertskommune. Kontrollutvalet vart i møte 3.5.2017 gjort kjent med foreløpige KOSTRA-tal 2016, som viser at Aukra kommune har mange fristbrot. Det har også dei andre kommunane som er med i barnevernssamarbeidet. Sidan dette er 2016-tal, ønskjer kontrollutvalet ei oppdatering frå administrasjon om situasjonen når det gjeld barnevern.</p> <p>Tertialrapport 1. tertial 2017 viser at behov for fleire barnevernstiltak fører til ei auke i utgifter på 3 742 000.- frå 4 038 000.- til 7 780 000.-, dvs. nesten 100 % auke.</p>	<p>14.06.17: Kontrollutvalet ønskjer i neste møte ei statusoppdatering når det gjeld fristbrot, info om bakgrunnen for den store kostnadsauken og status etter administrasjonen sitt avtalte møte med barnevernstenesta i Molde kommune.</p> <p>27.09.17: Utvalet fekk ei statusoppdatering frå leiar i Barnevernstjenesten for Molde, Midsund, Aukra og Eide, jf. OS 19/17.</p> <p>08.05.18: Rådmannen skal delta i årleg statusmøte med barnevernstenesta 1. juni. I møte vil ein m.a. ta opp KOSTRA-tala som viser at Aukra ligg dårlegare enn vertskommunen. Rådmannen vil gje tilbakemelding til utvalet etter statusmøte.</p>
<p>15.02.18</p> <p>Grunnskoleområdet</p> <p>Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Kontrollutvalet fekk i 2016 framlagt tilsynsrapporten «Skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, Aukra kommune – Gossen barne- og ungdomsskole» Tilsynet viste (3 avvik). Kontrollutvalet ønskjer årleg å få framlagt kommunen sin tilstandsrapport for grunnskoleområdet, for å følgje med på utvikling på området.</p>	<p>08.05.18: Tilstandsrapporten er no klar og vil bli lagt fram for kontrollutvalet i neste møte. Rådmannen informerer om at ho for neste år ønskjer å legge fram ein tilstandsrapport for heile oppvekstområdet.</p>
<p>15.02.18</p> <p>Omstillingsprosessen i omsorgstenestene i Aukra kommune</p> <p>Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Fylkeslegen hadde i 2016 tilsyn og avdekt følgjande; Avvik 1: Aukra kommune sikrar ikkje at tilsette har nødvendig kunnskap om pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Avvik 2: Aukra kommune sikrar ikkje at helsehjelp til pasientar i sjukeheim blir vurdert i tråd med reglane i pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Tidlegare forvaltningsrevisjonsrapport «Kvalitet i sykehjemstjenster i Aukra kommune» avdekte også utfordringar med å sikre tilstrekkeleg bemanning og</p>	<p>15.02.18: Kontrollutvalet fekk orientering i dagens møte, jf. OS 01/18, knytt til arbeidsmiljøprosjektet ved Aukraheimen.</p> <p>08.05.18: Rådmannen opplyser at nye turnusar er på plass. Ein har fått på plass AMU for Institusjonstenestene og verneombod, men ein manglar framleis hovudtillitsvald for sjukepleiarane.</p>

	kompetanse ved Aukraheimen. I 2017 har det vore uro knytt til ny arbeidstidsordning ved Aukraheimen og i 2018 skal det nye omsorgssenteret takast i bruk. Utvalet ynskjer difor å følgje utviklinga.	
15.02.18 Informasjonssikkerheit Ansvar: Adm./sekr	Kontrollutvalet ønskjer å følgje temaet informasjonssikkerheit vidare, då dette generelt vert opplevd som eit risikoområde med det fokus som er på digitalisering i kommunane. Kommunen har etter at forvaltningsrevisjonsprosjekt på området vart gjennomført i 2015 utarbeidd rutinar og retningslinjer, som kontrollutvalet ønskjer å følgje opp at vert implementert i heile organisasjonen. Kommunane står og føre store utfordringar med innføring av ny personvernforordning (GDPR), som vil tre i kraft frå 25.05.18	15.02.18: Kontrollutvalet fekk i dagens møte orientering knytt til oppfølging av attståande arbeid med å implementere rutinar, inngåing av databrukaravtalar og avvikshandtering, jf. OS 02/18, 08.05.18: Rådmannen opplyser at innføringa av GDPR er utsett til 01.07.2018.



AUKRA KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2018-1547/04
Arkiv: 033
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 6.6.2018

Saksframlegg

Utvassaksnr	Utval	Møtedato
PS 23/18	Kontrollutvalet	14.6.2018

EVENTUELT


Tiltaksplan 2018 – Kontrollutvalet i Aukra kommune

Det vert høve til å oppdatere tiltaksplanen i møte.

Referat fra Forum for kontroll og tilsyn (FKT) årsmøte og fagkonferanse

TILTAKSPLAN 2018

KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE



Oppdatert 15.02.18

Tilsyn med forvaltningen

Møte	Oppgaver knytt til tilsyn med forvaltninga
Løpande rapportering	<ul style="list-style-type: none"> Kontrollutvalsmedlemmene skal ha tilgang til dokument frå alle politiske utval. Oddvar Hoksnes og Ole Rakvåg er kommunestyret sine representantar i kontrollutvalet. Kontrollutvalet har fordelt merksemd på politiske utval slik: <ul style="list-style-type: none"> Saker frå drift- og arealutvalet- Håkon Inge Sporsheim Saker frå livslopsutvalet – Ole Rakvåg Saker frå administrasjonsutvalet – Oddvar Hoksnes Rapportar frå andre tilsynsorgan og kommunen sitt svar/oppfølgning Sjukefråver Meldingar til politiet og varslingar
Aktuell informasjon/orienteringar	I den grad tema/områder ikkje blir undersøkt gjennom bestilling av forvaltningsrevisjon, kan det vere aktuelt å be om tilbakemeldingar frå administrasjonen på ulike områder, bl.a. ut frå overordna analyse for forvaltningsrevisjon. Slik informasjon blir spesifisert under kvart enkelt møte. Saker til oppfølging vil også gå fram av oppfølgingslista til kontrollutvalet
15.02.18	<ul style="list-style-type: none"> Orientering om resultat av arbeidsmiljøkartlegging ved Aukraheimen
15.03.18	<ul style="list-style-type: none"> Få skatteoppkjevaren sin årsrapport for 2017 og kontrollrapport frå Skatteetaten til orientering
03.05.18	<ul style="list-style-type: none">
14.06.18	<ul style="list-style-type: none"> Verksemdbesøk/orientering frå einingsleiar? Økonomirapport 1. tertial Oppfølging av politiske vedtak
02.10.18	<ul style="list-style-type: none"> Økonomirapport 2. tertial
10.12.18	<ul style="list-style-type: none"> Tiltaksplan 2019 – Kontrollutvalet i Aukra

Kontrollutvalet sine oppgaver i samband med regnskapsrevisjon.

Møte	Oppgaver knytt til rekneskapsrevisjon
	Utgangspunktet for oppgåvene er i hovudsak knyt til reglane i kap. 4 i forskrift om kontrollutval.
15.02.18	<ul style="list-style-type: none"> Interimrapport rekneskapsrevisjon, rekneskapsåret 2017
15.03.18	<ul style="list-style-type: none">
03.05.18	<ul style="list-style-type: none"> Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapsrapport for 2017, Aukra kommune Årsavslutningsbrev for revisjonsåret 2017.
14.06.18	<ul style="list-style-type: none">
02.10.18	<ul style="list-style-type: none"> Orientering om revisjonsstrategien for revisjonsåret 2018. Avstemming av risikovurdering og vesentlegheit
10.12.18	<ul style="list-style-type: none"> Interimrapport rekneskapsrevisjon, rekneskapsåret 2018 (ev. i det første møte i 2019). Orientering om oppfølging av årsavslutningsbrev for 2017 Sluttrekneskap investeringsprosjekt?

Kontrollutvalet sine oppgaver i samband med forvaltningsrevisjon.

Møte	Oppgaver knytt til forvaltningsrevisjon
	Utgangspunktet for oppgåvene er plan for forvaltningsrevisjon og reglane i kap. 5 i forskrift om kontrollutval.
15.02.18	<ul style="list-style-type: none"> Attståande arbeid knytt til oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Informasjonssikkerhet i Aukra kommune» - status for implementering av rutinar, inngåing av databrukaravtalar og avvikshandtering.

Møte	Oppgaver knytt til forvaltningsrevisjon
15.03.18	• Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Offentlige anskaffelser Aukra kommune»
03.05.18	•
14.06.18	•
02.10.18	• Bestilling av forvaltningsrevisjon i tråd med plan for 2016-2019
10.12.18	• Prosjektplan forvaltningsrevisjonsprosjekt «xx».

Kontrollutvalet sine oppgaver i samband med selskapskontroll.

Møte	Oppgaver knytt til selskapskontroll
	Utgangspunktet for oppgåvene er plan for selskapskontroll og reglane i kap. 6 i forskrift om kontrollutval
15.02.18	•
15.03.18	•
03.05.18	•
14.06.18	• Orientering om Molde og Romsdal Hamn IKS?
02.10.18	•
10.12.18	•

Tilsyn med revisjonen

Møte	Oppgaver knytt til tilsyn med revisjonen
	Revisjonen rapporterer om si verksemd ved behov. Revisjonsplan for Aukra kommune er til ei kvar tid tilgjengeleg for kontrollutvalet. Utgangspunktet for oppgåvene er bl.a. relatert til reglane i koml. § 77 nr. 4.
15.02.18	•
15.03.18	•
03.05.18	•
14.06.18	• Dialogmøte med revisjonen om «Honorar for gjeldande år» (2019)
02.10.18	• Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor sin vurdering av uavhengigheit for Aukra kommune for revisjonsåret 2018. • Eigenevaluering frå revisjonen
10.12.18	• Vurdering av kontrollutvalet sitt tilsynsansvar for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon, jf. NKRF's rettleiar

Budsjettbehandlinga

Møte	Oppgaver knytt til budsjettbehandlinga
	Utgangspunktet for oppgåvene er reglane i forskrift om kontrollutval § 18.
15.02.18	•
15.03.18	•
03.05.18	•
14.06.18	•
02.10.18	• Forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2019 for kontrollutvalet.
10.12.18	• Kontrollutvalet følgjer opp at kontrollutvalet sitt forslag følgjer med til kommunestyret si behandling av budsjettet (jf. forskrift om kontrollutval §18)

Kontrollutvalet si rapportering

Møte	Oppgaver knytt til Kontrollutvalet si rapportering
	Utgangspunktet for oppgåvene er bl.a. relatert til reglane i koml. § 77 nr. 6.
15.02.18	<ul style="list-style-type: none">• Kontrollutvalet sin årsrapport for 2017 vert behandla og sendt kommunestyret til orientering.• Oppfølging av tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapportar/selskapskontrollar skal gå fram av kontrollutvalet sin årsrapport.
15.03.18	•
03.05.18	•
14.06.18	•
02.10.18	•
10.12.18	•